



Sunnfjord  
kommune

# Kunnskapsgrunnlaget

**Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen**



# Innhaldsliste

<b>Samandrag .....</b>	<b>5</b>
<b>Kva handlar dette om? .....</b>	<b>5</b>
Sunnfjordbarnehagen – i dag og framover.....	5
Økonomisk situasjon .....	5
Pedagogisk tilbod, rekruttering og organisatoriske forhold.....	6
Arbeidsmetode .....	6
<b>1 Innleiing .....</b>	<b>8</b>
1.1 Føremål.....	8
1.2 Organisering av arbeidet .....	8
1.3 Medverknad.....	9
<b>2 Planar og politiske vedtak .....</b>	<b>11</b>
2.1 Relevante kommunale planar .....	11
2.1.1 Planstrategi for Sunnfjord kommune 2024-2027.....	11
2.1.2 Kommuneplanen sin samfunnsdel.....	11
2.1.3 Kommuneplanen sin arealdel 2024-2035 .....	12
2.1.4 Tomteareal til framtidige barnehagar .....	13
2.1.5 Andre kommunale planar .....	15
2.2 Oversikt politiske vedtak .....	16
<b>3 Samfunnsutvikling .....</b>	<b>19</b>
3.1 Kva er demografi – kvifor er det så viktig? .....	19
3.2 Noverande demografiske profil .....	19
3.2.1 Folketalsstorleik, aldersstruktur og fordeling .....	19
3.2.2 Kva påverkar folketalet .....	22
3.3 Folketalsutvikling .....	28
<b>4 Sunnfjordbarnehagen .....</b>	<b>29</b>
4.1 Oversikt barnehagar .....	29
4.1.1 Nøkkeltal.....	29
4.1.2 Kapasitet i barnehagen .....	31
4.1.3 Barnetal .....	33
4.1.4 Framskriving av barnetal i aldersgruppa 1-5 år.....	34
4.1.5 Godkjent leike- og oppholdsareal .....	34
4.1.6 Gruppestorleik .....	37
4.2 Administrativ organisering .....	38
4.2.1 Barnehagestruktur .....	38

4.2.2	Barnehageleiring .....	39
4.2.3	Bygningsmessige forhold.....	41
<b>5</b>	<b>Økonomi .....</b>	<b>43</b>
5.1	Økonomisk berekraft.....	43
5.1.1	Resultatgrad – netto driftsresultat .....	43
5.1.2	Kommunen si gjeldsgrad .....	44
5.1.3	Disposisjonsfond.....	45
5.2	Framskriving og demografi avdekker eit stort omstillingsbehov .....	48
5.3	Demografiutvikling og barnetalsutvikling .....	50
5.4	Samla innsparings- og omstillingsbehov i barnehagesektoren fram til 2032 .....	52
5.5	Driftskostnad i barnehagesektoren .....	53
5.5.1	Netto driftsutgifter per innbyggar 1-5 år barnehage .....	53
5.5.2	Driftstilskot til private barnehagar.....	54
5.5.3	Kontinuerleg barnehageopptak.....	63
5.5.4	Overtalige i barnehagesektoren .....	65
5.6	Oppsummering .....	67
5.6.1	No-situasjon.....	67
5.6.2	Framtidige behov .....	68
<b>6</b>	<b>Kvalitet.....</b>	<b>69</b>
6.1	Kva seier innspela om pedagogisk kvalitet? .....	69
6.1.1	Kvalitetsindikatorar .....	70
6.2	Barnehagekvalitet.....	73
6.2.1	Små og store barnehagar .....	73
6.3	Kvalitetsutvikling i sektoren.....	76
6.3.1	Pedagogisk utviklingsarbeid i Sunnfjordbarnehage .....	77
6.3.2	Barnehagemiljø.....	77
6.3.3	Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis ....	78
6.4	Andre tenester i barnehagen .....	78
6.4.1	Helsestasjonen .....	78
6.4.2	PPT.....	79
<b>7</b>	<b>Bemanning og rekruttering.....</b>	<b>80</b>
7.1	Kven jobbar i Sunnfjordbarnehagen i dag? .....	80
7.2	Vidareutdanning for barnehagelærarar .....	82
7.2.1	Kompetanse for framtidas barnehage.....	82
7.2.2	Vidareutdanning for fagarbeidarar .....	83



7.2.3	LærariVest .....	83
7.3	Rekruttering .....	84
7.3.1	Kompetansebehov .....	84
<b>8</b>	<b>Barnehagen i nærmiljøet .....</b>	<b>86</b>
8.1	Barnehagen som samlingstad .....	86
<b>Samla vurdering og vegen vidare .....</b>		<b>87</b>
	Tiltak for kostnadsreduksjon .....	88
	Ny barnehagelov .....	88
	Vidare medverknad .....	88
	Barnet sitt beste .....	89
	<b>Vedlegg .....</b>	<b>90</b>



# Samandrag

## Kva handlar dette om?

I samband med politisk behandling av tenesteanalysen [KST-020/24](#)

[Tenesteanalysen-nivå på innsparing og omstilling](#) og prosjektet Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen [KST-035/24 Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen](#) vedtok kommunestyret at kommunedirektøren skal komme tilbake med ei sak som syner potensielle tiltak, både når det gjeld driftsmessige forhold, ressursfordeling og struktur. Vidare at tilsvarande kunnskapsgrunnlag for Kvalitet og kapasitet skulle gjennomførast i Sunnfjordbarnehagen. Potensielle tiltak i barnehagesektor skal leggast fram slik at ein kan sjå dei i samanheng med skule og ha parallelle høringsrundar.

Andre viktige politiske vedtak og dokument som dannar bakgrunn for prosjektet finn du framstilt i sin heilheit i kapittel 3, 3.2 Oversikt politiske vedtak.

### Sunnfjordbarnehagen – i dag og framover

Sunnfjord kommune har i mange år hatt ein høg del barn og unge, og dermed eit høgare behov for barnehagar og skular enn det som er vanleg elles i landet. Vi ser no at dette bildet endrar seg. Enkelt forklart viser den demografiske utviklinga for Sunnfjord kommune at tal barn og unge går ned, samtidig som tal eldre går kraftig opp. Det fører til at vi må bruke ressursane på ein annan måte i åra framover, enn det vi gjer i dag.

I 2013 var det 1 543 folkeregistrerte barn i aldersgruppa null til seks år i dei fire kommunane som har blitt Sunnfjord kommune. Noko som gjorde at det gjekk 1 427 barn i barnehage i 2014, som er det høgaste tal barn i barnehage for kommunen. I 2023 var det 1 263 barn i aldersgruppa og 1 232 av dei gjekk i barnehage. I framskrivingane på midels nivå er det venta ein ytterlegare reduksjon på 127 barn framover mot 2050. Noko som til saman gjev ein nedgang på 20,4 prosent sidan toppåret 2014.

### Økonomisk situasjon

Dei finansielle nøkkeltala og tenesteanalysen syner at Sunnfjord kommune er i ein utsett og sårbar økonomisk situasjon. Kommunen har moderat til lite økonomisk handlingsrom. Det er forventa ein betydeleg auke i tal eldre, og barnetalet har gått betydeleg ned og vil mest truleg gå ytterlegare ned fram mot 2032. Framskrivinga av



reduserte inntekter som følgje av nedgang i barnetal, og auka kostnadar som følgje av auke i tal eldre, gir eit tydeleg bilde på kva omstillingssbehov Sunnfjord kommune har.

I tenesteanalyse for kommunen er det planlagt ei samla innsparing på 121 mill. kroner og ei omstilling på 83,9 mill. kroner i perioden 2024 til 2032. Samla innsparing og omstilling er anslått til rundt 205 mill. kroner. Dette får store konsekvensar for Sunnfjordbarnehagen som må dekke 23 millionar i omstilling og 39,8 millionar av innsparingane. Ei slik endring let seg mest truleg ikkje gjennomføre utan å gjere strukturelle grep og at det kjem endring regelverket for finansiering av barnehagane.

## Pedagogisk tilbod, rekruttering og organisatoriske forhold

Vi har høg kompetanse i Sunnfjordbarnehagen, men vi har ved siste utlysingar merka ein nedgang i tal søkerar til pedagogstillingar. Dette gjer til at vi startar opp med dispensasjonar frå pedagognorm denne hausten i både kommunal og privat sektor. Vi merkar at det er nedgang i søkjartal til barnehagelærarutdanningane. Det blir jobba for å gjere seg nytte av statlege tilretteleggingsmidlar og lage gode ordningar slik at vi legg til rette for å ta vidareutdanningar, grunnutdanningar og utvikle oss i arbeidet med å rekruttere til sektoren som ein del av arbeidsgjevarpolitikken.

Etter at ny bemanningsnorm og utvida pedagognorm blei innført i 2018, har Sunnfjord kommune lågare bemanningsressurs til direkte arbeid i barnegruppene. Dette sidan fleire pedagogar skal ha plantid, og ein ikkje lenger har styrkingsresurs til gruppene. Det ut gjer om lag 80 prosent stilling per tredje avdeling, fordi vi hadde bemanning over norm før 2018. I dag har vi ei bemanning som ligg på norm men i nokre barnehagar der vi har sett av bemanning til flyktninger og kontinuerleg opptak.

Foreldreundersøkingar gjennomført i 2021 og 2023 syner at foreldre er stort sett fornøgte med barnehagetilbodet.

## Arbeidsmetode

Kunnskapsgrunnlaget er utarbeidd med brei medverknad. Det starta i møte med einingsleiarar i kommunale barnehagar. I møte jobba vi med felles innspel. Det har vore møter i alle barnehagar med tilsette og foreldre i utvida SU eller FAU møte, slik at foreldra utgjorde eit representativt utval av foreldra i barnehagen. Alle barnehagar har fått levere innspel frå tilsette og foredrerrepresentantar i ei skriveramme.

Barnehagesektoren består av kommunale og ikkje kommunale barnehagar. Konstituert kommunalsjef for barnehage har vore på besøk i dei private barnehagane og informert om prosjektet til styrar. Dei har fått levere innspel om barnehagen i ei skriveramme. Slik får vi betre kunnskap om kvalitet og kapasitet i private barnehagar som er ein viktig del av det samla barnehagetilbodet i Sunnfjord kommune.



Kunnskapsgrunnlaget legg til grunn vedtak knytt til tenesteanalysen, og brukar statestikk med nøkkeltal og demografi for Sunnfjord kommune. Vi ser på kommunar i same KOSTRA-gruppe og samanlikningskommunane Voss, Kinn, Sogndal og Steinkjer.

Prosjektgruppa har vore sett saman av representantar frå kommunalsjefnivå, fagutvikling, einingsleiarar, bygg- og eigedom og tillitsvald. Vi har ei styringsgruppe som består av kommunedirektør, assisterande kommunedirektør, kommunalsjefar for barnehage og skule i tillegg til leiar for fagutvikling. Dette for å koordinere prosessane i dei to sektorane og framdrifta i høve politisk behandling.

# 1 Innleiing

## 1.1 Føremål

Føremålet med kunnskapsgrunnlaget er å få eit breiare bilde av barnehagesektoren slik den er i dag. I ein prosess som sikrar brei medverknad og syner driftsmessige forhold, ressursfordeling og struktur. Eit grunnlag ein kan sjå i samanheng med skule slik at ein ser oppvekstområdet i ein større samanheng når ein skal ta avgjerder i høve innsparing og omstilling.

## 1.2 Organisering av arbeidet

I etterkant av vedtaket knytt til tenesteanalysen og kvalitet og kapasitet i skule, starta prosjektgruppa utarbeidning av mandat og laga ein framdriftsplan.

Prosjektet fekk følgjande mål:

### Effektmål:

1	Planen skal sikre forsvarleg og god drift, og eit likeverdig tilbod til alle barn i Sunnfjordbarnehagen.
2	Plan som legg til rette for økonomisk berekraftig organisering av barnehagane i kommunen, tilpassa den demografiske utviklinga.
3	Plan som sikrar at barnehagane kan arbeide med tidleg innsats og ha ein førebyggande effekt.

### Resultatmål:

1	Gjere greie for nasjonale føringer og utviklingstrekk, og lage eit kunnskapsgrunnlag for framtidige politiske avgjerder.
2	Gjere greie for demografisk utvikling i kommunen, og korleis barnetalet blir påverka
3	Legge fram forslag til alternativ for barnehagestruktur (kringsgrenser og lokasjonar)
3. 1	Greie ut kva betydning barnehagane sin struktur kan ha på rekruttering av pedagogisk kompetanse
3. 2	Greie ut pedagogiske og økonomiske konsekvensar for alternativa når det gjeld kvalitet og struktur
3. 4	Gjere greie for korleis endringar i barnehagestruktur kan påverke tenestetilbod frå PPT, helsetenester og andre støtteinnstansar knytt til barn og unge.
4	Vurdere ny barnehagestruktur opp mot målet om gode kvardagsliv og livskraftige samfunn i heile Sunnfjord kommune.

## Prosjektgruppa si samansetning:

Namn	Eining	Kompetanse
Lise Fitje Toverud	Fagutvikling	Barnehagefagleg
Hege Herland Kjelen	Kommunedirektøren	Barnehagefagleg
Kristine Steindal	Kommunedirektøren	Barnehagefagleg
Liv Janne Bell Jonstad	Fagutvikling	Einingsleiar
Gro Bjørvik	Fagutvikling	Økonomi
Janne Alette Fugle	Fag forbundet	Pedagogisk leiar og arbeidsrettslege avtalar
Gudbjørg Gunnarsdottir Kleppe	Slåttebakkane barnehage	Einingsleiar
Kirsten Kongsvik	Lunden barnehage	Einingsleiar

## Styringsgruppe:

Namn	Stilling	Eining
Terje Heggheim	Kommunedirektør	
Lise Mari Haugen	Ass. Kommunedirektør	
Liv Janne Bell Jonstad	Einingsleiar	Fagutvikling
Hege Herland Kjelen	Kommunalsjef barnehage	
Åge Stafsnes	Kommunalsjef skule	

## 1.3 Medverknad

Kunnskapsgrunnlaget er utarbeidd med brei medverknad, etter same metodikk som ein nytta i skulen sitt prosjekt for Kvalitet og kapasitet. Prosjektet starta formelt opp med møte for einingsleiarane i kommunale barnehagar. Vi presenterte bakgrunn for prosjektet, jobba i grupper og laga innspel i eiga skriveramme for leiarar.

Vi har vore på innspelsmøte i alle kommunale barnehagar, og gjennomført møte på dagtid med tilsette og på ettermiddag med foreldre. Dei fekk presentert tilsvarande bakgrunn for prosjektet som einingsleiarane, tid til å komme med informasjon om barnehagen og stille spørsmål.

Barnehageområdet har privat sektor også. Private barnehagar er ein viktig del av barnehagesektoren og sektoren sin totale kapasitet i høve barnehageplassar. Vi har difor lagt opp til besøk i alle private barnehagar, vi har informert om prosjektet vi gjennomfører i kommunal sektor, og dei har fått høve til å sende innspel om sin barnehage. Slik får vi presentert eit meir heilskapleg bilde av det totale



barnehagetilbodet i kommunen. Dette ved at private barnehagar sine innspel ligg ved kunnskapsgrunnlaget.

Prosessen har vore open og transparent, vi laga nettside for prosjektet før innspelsrundane slik at dei kunne finne meir informasjon om barnehagane, økonomi, demografi og levere innspel på same plass.

Vi har presentert mandatet og innhaldet i innspelsrundane i Utvalet for oppvekst og kultur, Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og eldrerådet slik at dei kunne komme med innspel til prosjektarbeidet.

Einingsleiarane har fått informasjon om vedtak KTS 035/24 Kvalitet og kapasitet gjort av formannskapet, om å framkunde tidspunkt for framlegging av kunnskapsgrunnlaget og når det blir lagt framlegg til tiltak og høyringsrunda blir.

Einingsleiarane har fått informasjon om vedtaket i formannskapet 27 juni om å framkunde prosessen i sak KTS 035/24 Kvalitet og kapasitet. Med framlegging av kunnskapsgrunnlag i september, oktober arbeide med framlegg til tiltak og med utlegging 7. november.

## 2 Planar og politiske vedtak

### 2.1 Relevante kommunale planar


#### 2.1.1 Planstrategi for Sunnfjord kommune 2024-2027

I mai 2024 vedtok Sunnfjord kommune [planstrategi for perioden 2024-2027](#). Her er det gjort vedtak om at det skal utarbeidast ein temaplan for kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen. Bakgrunnen er at vi har ei demografisk endring med færre barn og unge, kommunen har ein strammare økonomi, og vi må sjå på korleis vi kan drive mest mogeleg effektive og gode tenester innanfor dei ressursane vi har til rådvelde. Tilsvarande skal det også utarbeidast ein temaplan for kvalitet og kapasitet Sunnfjordskulen.

#### 2.1.2 Kommuneplanen sin samfunnsdel

[Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2030](#) vart vedteke 17.02.2022. I arbeid med planstrategi 2024 – 2027 vart det vedteke at samfunnsdelen ikkje skal rullerast i denne perioden.

I målsettingane er det lagt vekt på at vi skal sikre folketalsvekst og ei berekraftig utvikling i heile kommunen, og det er eit mål at vi skal skape gode kvardagsliv for innbyggjarane våre. Dette skal vi mellom anna gjere ved å vere ein inkluderande kommune med gode bumiljø, trygge og aktive innbyggjarar. Gode og attraktive barnehagar er viktig for å nå dette målet.



Figur 1 Mål, delmål og strategiar i kommuneplanen sin samfunnsdel 2022 - 2030

### 2.1.3 Kommuneplanen sin arealdel 2024-2035

Kommuneplanen sin arealdel for Sunnfjord kommune 2024-2035 vart vedteke i juni 2024. Dette er den første arealdelen for Sunnfjord kommune. Kommuneplanen sin arealdel består av plankart, føresegner, retningslinjer og planomtale med konsekvensutgreiing og temakart. Plankartet med omsynssoner og føresegner er juridisk bindande for arealbruken i kommunen. Kommuneplanen sin arealdel avgjer korleis vi vil bruke og utvikle dei ulike områda i kommunen.

Planforslaget viser at folketalsveksten blir størst i Førde, Vassenden og Sande, og legg opp til å styrke utvalde kommune-, lokal- og nærsenter for eit større omland:



## 2.1.4 Tomteareal til framtidige barnehagar

Det er sett av to områder i kommuneplanen sin arealdel til barnehageføremål i Sunnfjord kommune. Ei tomt på Slåtten og ei tomt på Indre Øyrane.

### Slåtten

Det er sett av ei tomt til barnehageføremål på austsida av Slåtten skule. Reguleringsplanen er under arbeid per i dag og er snart klart for å leggast ut på høyring. I tillegg til tomteareal til barnehagen er det planlagt utbygging av bustadar i same område.

I kommunestyret i [sak 003/23](#) blei det mellom anna gjort vedtak om at det skal byggast inntil 6-avdelingsbarnehage i Slåtten skulekrins som erstattar Tusenfryd barnehage. I reguleringsplanen blir det sett av areal til å bygge ein 6-avdelingsbarnehage og at det er tilstrekkeleg uteareal til å stette lokale vedtekter for størrelse på uteområde.


I kartutsnittet kan vi sjå område ein ser føre seg barnehagen blir plassert i. Sunnfjord kommune har inngått avtale om kjøp av eigedom og planen er overtaking i januar 2025. I økonomiplanen er det sett av 43,5 millionar til barnehage til å bygge på Slåtten.



Figur 2 Kartutsnitt av barnehagetomta og bustadareal på Slåtten

### Tomt på Indre Øyrane

Det er sett av ei tomt på Indre Øyrane i områdeplanen, BAT i kartutsnittet, til undervisning/barnehage. Tomta ligg i same område som det blir vurdert å bygge nye institusjonsplassar, BOP i kartutsnittet.



Figur 3 Utsnitt av tomta som er sett av til barnehageføremål

Sunnfjord kommune eig ikkje tomta per i dag. I vår gjorde kommunestyret følgande vedtak i sak 021/24: «Kommunestyret vedtek å gå vidare med Løken på Indre Øyrane og tomta ved Førde Barneskule som lokalisering av nytt omsorgssenter i Førde». Det er sett til arbeidet som er gjort på tomta BOP i kartutsnittet for å gje eit estimat på kostnad til kjøp av tomt og klargjering før bygget kan byggast.

Tomta er på 7 300 kvadratmeter. Området må ervervast og prisen i område er vurdert å vere om lag 3 000 kroner per kvadratmeter. I tillegg til kjøp av tomt er det fleire krav til detaljregulering av området, rekkefølgekrav før rammeløyve/byggeløyve og grunnarbeid som til dømes handtering av matjord, spunting av byggegrop og pele på grunn av lang avstand til fjell. Desse vurderingane er gjort for BOP-tomta og det dannar grunnlaget for estimatet. For å finne kostnad for utbyggingsavtale og eigne rekkefølgekrav er det nytta førehands tal mellom tomta til nytt omsorgssenter og tomta til barnehageføremål.

Estimat av kostnad til kjøp av tomte kan byggast:

Tiltak	Kalkyle
Kjøp av tomt (7 300 kvm * 3 000 kr)	21 900 000
Utbyggingsavtale og eigne rekkefølgekrav	8 300 000
Samla kostnad	30 200 000

Tabell x – estimat over kostnad

Kostnadane til spunting og perling er ikkje tatt med i kostnadane og vil kome i tillegg til som er estimert i tabellen ovenfor.

Tomta som er sett av til barnehageføremål på Slåtten er kostnadsmessig meir gunstig for å bygge ny barnehage.

## 2.1.5 Andre kommunale planar

Sunnfjord kommune har utarbeidd fleire planar som har relevans for kunnskapsgrunnlaget i Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen. Dei viktigaste i denne samanhengen er:

- Temaplan for kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen (under utarbeiding)
- «Saman om EIN god oppvekst» - førebyggande plan for barn og unge
- Plan for kultur, frivillighet og inkludering
- Kulturmiljøplan
- Strategisk næringsplan
- Temaplan for trafikktryggleik
- Bustadsosial handlingsplan
- Plan for omsorg – Leve heile livet i Sunnfjord 65+
- Økonomi- og handlingsplan blir rullert kvart år, og gjev viktige føringar for prioriteringar i drifts- og investeringsbudsjettet dei neste fire åra.

## 2.2 Oversikt politiske vedtak

Ved inngangen til kommunesamanslåinga gjennomført Agenda Kaupang ei administrativ undersøking og ei analyse av økonomien til dei fire kommunane som skulle bli Sunnfjord kommune. Den synte at vi dreiv 28 mill. dyrare enn kommunar vi samanliknar oss med. Så tidleg som 16. juni 2020 kjem første vedtak om at ein skal sjå på framtidig bruk av barnehagane i kommunen. I februar 2023 kjem planen opp til politisk behandling og det blir gjort følgande vedtak:

### KST 003/23 – Plan for framtidig struktur av barnehagar i Sunnfjord kommune:

#### Prioriterte tiltak i samband med struktur:

- *Tiltak 1: Legge ned Karstad barnehage frå 1. august 2024*
- *Tiltak 2: Vevring barnehage vart del av eit oppveksttun 1. mars 2022 då barnehagen, SFO og skulen vart samlokaliserte. Barnehagen/Oppveksttunet vert vurdert i sak om skulestruktur/Vevring skule i 2024.*
- *Tiltak 3:*
  - *Bygge inntil 6-avdelings barnehage i Slåtten skulekring som erstattar Tusenfryd barnehage. Avdelingane vert organisert som 18/9 barn. Det er viktig at uteområdet vert godt tilrettelagt for variert leik og med trygg tilkomst, særleg med omsyn til parkeringsareal og auka trafikk.*
  - *Vi må få ei sak om felles kommunal norm for antall barn pr avdeling*

#### Tiltak som bør vurderast i eit lenger perspektiv:

- *Tiltak 4: Etablere oppveksttun*
- *Tiltak 5: Bygge inntil 6-avdelings barnehage i Førde sentrum - Øyrane*

I desember 2023 kjem det opp eit grunngjeve spørsmål frå kommunestyrerepresentant Martin Savland (H):

#### **Svar på grunngjeve spørsmål frå Martin Savland (H) i kommunestyret 15.12.2023**

*Martin Savland (H) har sendt inn grunngjevne spørsmål til ordføraren:*

*«Kva tid vil ny sak om struktur/kapasitet/demografi for barnehagane i Sunnfjord kommune ligge føre?»*

#### *Svar frå kommunedirektøren*

*Administrasjonen jobbar no med tenesteanalyse og planstrategi. Tenesteanalyse blir presentert i februar 2024 og vil danne grunnlag for arbeid med innsparingstiltak. I januar blir kommunestyret involvert i planstrategien og det er mål om vedtak i kommunestyre i mai 2024.*

*Det er også starta arbeid med kunnskapsgrunnlag for kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen. Det er viktig at vi ser denne planen i samanheng med ein barnehageplan. Desse bør derfor følgje kvarandre tidmessig.*

*Med bakgrunn i barnetalsutvikling og kommunen sin økonomi vil det vere behov for ein eigen plan for barnehagestruktur.*

*Vi står også overfor ei tid der rekruttering av pedagogar blir utfordrande. Dette kan gje utfordringar med å få pedagogisk kompetanse til alle barnehagar.*

*Vi ynskjer å setje i gong arbeid med ein barnehageplan i januar 2024, med mål om vedtak tidlegast i juni 2024. Når vi skal ta att eit slikt arbeidet er det viktig med god involvering og forankring både i sektoren og politisk.*

I februar 2024 presenterte kommunedirektøren Tenesteanalysen for Sunnfjord kommune, som er kommunen sin eigen analyse av økonomien, status i tenestene og der ein ser etter forbettingsområde, endring- og utviklingstiltak. Den kjem til behandling 16. mars 2024:

#### **KST-020/24 Tenesteanalysen – nivå på innsparing og omstilling:**

1. *Sunnfjord kommune planlegg for ei samla innsparing innanfor ei ramme på 121 mill. kroner og omstilling innanfor ei ramme på 84 mill. kroner i perioden 2024 - 2032.*
2. *Tenesteanalysen skal halde fram og bli meir konkret på kva dei ulike sektorane og tenestene har av effektiviseringspotensial.*
3. *Innsparingspotensial som følge av kommunesamanslåinga skal synleggjerast.*
4. *Omfang av omstilling og innsparing vert fordelt på sektorane etter forventa realistisk innsparingspotensiale.*
5. *I det vidare arbeidet skal det gå fram kva innsparingar som vil kunne løysast gjennom reduserte kostnader som følge av nedgang i barnetal.*
6. *Innsparingstiltak skal vurderast opp mot
  - a. forvarleg og god drift i dei ulike tenesteområda.
  - b. overordna mål i samfunnssdelen av kommuneplanen
  - c. tidleg innsats og førebyggande effekt*
7. *Tidspunkt for gjennomføring av dei ulike innsparings- og omstillingstiltaka skal vurderast ved framlegging av dei ulike tiltaka.*
8. *Framlegg til tiltak skal utarbeidast med innbyggjarinvolvering og i tett dialog med tillitsvalde.*
9. *Skal ha tett dialog med formannskapet i prosessen med utarbeiding og prioritering av tiltak. Om det er hensiktsmessig skal det gjennomførast eigne møte der dette er tema.*
10. *Plan for innsparing av 71 mill. kroner i perioden 2035 - 2039 vert å kome tilbake til i ein seinare folkevald-periode*

Det har vore gjennomført tilsvarende prosjekt for Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen, i samband med politisk behandling av kunnskapsgrunnlaget blir det gjort følgjande vedtak:

## **KST-035/24 Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen:**

*Kunnskapsgrunnlaget vert tatt til vitande. Kommunedirektøren bli beden om å komme tilbake med ei sak som syner potensielle tiltak, både når det gjeld driftsmessige forhold, ressursfordeling og struktur, som kan vere aktuelle å setje i verk for å møte framtidig innsparing og omstilling. Det skal utarbeidast ei konsekvensvurdering av økonomi og kvalitet, knyt til desse tiltaka. Tiltaka skal vere forankra i kunnskapsgrunnlaget.*

*Potensielle tiltak blir sett i samanheng med prosjektet Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen. Ny skulebruksplan og barnehageplan skal ha felles framdriftsplan og parallelle høyringsrundar.*

*Kommunedirektøren kjem tilbake før sommaren med ein planprosess som syner kva tiltak som skal greiast ut og konsekvensvurderast.*

# 3 Samfunnsutvikling

## 3.1 Kva er demografi – kvifor er det så viktig?

Demografi seier noko om kva slags innbyggjarar vi har i kommunen vår. Demografi er studiet av befolkning, fokusert på ulike befolkningsdynamikkar som fødselsrate, dødsrate, aldring og migrasjon. Den ser på korleis befolkninga endrar seg over tid og korleis ulike demografiske faktorar påverkar samfunnet.

For ein kommune er forståinga av demografi avgjерande for effektiv planlegging og produksjon av offentlege tenester. Korleis befolkninga er samansett påverkar også utgiftsbehovet vårt. Altså kva tenester kommunen bør produsere meir eller mindre av. Utgiftsbehovet påverkar også inntektene vi får frå staten.

Sunnfjord kommune har i mange år hatt ein høg del barn og unge, og dermed eit høgare behov for barnehagar og skular enn det som er vanleg elles i landet. Vi ser no at dette bildet endrar seg.

Innsikt i den demografiske utviklinga står heilt sentral når vi skal planlegge for framtida.

Enkelt forklart viser den demografiske utviklinga for Sunnfjord kommune at tal barn og unge går ned, samtidig som tal eldre går kraftig opp. Det gjer at vi må bruke ressursane på ein annan måte i åra framover, enn vi gjør i dag.

## 3.2 Noverande demografiske profil

### 3.2.1 Folketalsstorleik, aldersstruktur og fordeling<sup>1</sup>



Figur 4 - Utvalde nøkkeltal om innbyggjarane i 2023

<sup>1</sup> SSB 01222: Befolking og kvartalsvise endringar, etter region, statistikkvariabel og kvartal – 4. kvartal 2023

I utgangen av 4. kvartal i 2023 var det 22 450 innbyggjarar i Sunnfjord kommune. Det vart født 218 barn og 167 innbyggjarar døydde.

I 4. kvartal 2023 meldte SSB om befolkningsvekst i Sunnfjord kommune, med eit overskot på 117 personar.

I juni 2024 kom det nye tal for 1. kvartal 2024 og i august kom tala for 2. kvartal 2024.

I 1. og 2. kvartal 2024 ser utviklinga slik ut<sup>2</sup>:

Kategori	1. kvartal	2. kvartal
Innbyggartal i utgangen av kvartalet	22 536	22 589
Folkevekst	86	53
Fødde	65	63
Døde	33	46
Netto innflytting (inkl. inn og utvandring)	54	36

Framskrivningane til SSB syner òg at vi kan vente eit rimeleg stabilt folketal i kommunen. Forventa folketal i 2030 er 22 652 innbyggjarar, og i 2050 er det venta 22 428 innbyggjarar. Det som er dramatisk for kommunen er ikkje folketalet, men samansettinga av dei ulike aldersgruppene.


Befolkingssamansetninga i kommunen ser i dag slik ut samanlikna med Vestland fylke og landet<sup>3</sup>.

---

<sup>2</sup> SSB 01222: Befolning og kvartalsvise endringar, etter region, statistikkvariabel og kvartal – 1. og 2. kvartal 2024

<sup>3</sup> SSB 07459: Befolning, etter alder, statistikkvariabel, år og region


## Alderssamansetninga i prosent av total populasjon



Figur 5 Alderssamansetnad i kommunen, fylket og landet (SSB)

Denne framstillinga syner at vi har ein lik profil med fylket og landet i dei fleste aldersgruppene. For barn i barnehagealder er vi jamne med fylket og landet. Dei aldersgruppene vi skil oss mest ut i er barn og unge i skulealder og aldersgruppa 60-70 år der vi har ein høgare populasjon.

Når vi delar inn befolkninga i kommunen i fire hovudkategoriar ser det slik ut<sup>4</sup>:



### 3.2.2 Kva påverkar folketalet

Folketalet i Sunnfjord kommune kan bli påverka av ei rekke faktorar, som saman bidreg til den totale befolkningsveksten eller -nedgangen. Dei viktigaste faktorane inkluderer:


#### Fødselsrate

Talet på fødslar per år bidreg til befolkningsveksten. Ein høg fødselsrate kan indikere ei ung befolkning og bidra til positiv befolkningsvekst. Det har vore ein

negativ trend i fødselstala frå 2000 og særleg i frå 2009 og fram til 2023<sup>5</sup>. I snitt er det født 268 barn årleg i perioden 2000 til 2023.

<sup>4</sup> SSB 04231: Befolking etter alder, statistikkvariabel, år og region 1.1.2024

<sup>5</sup> SSB: 04231: Levandefødte, etter statistikkvariabel, region og år




Figur 6 Fødselsrate i Sunnfjord kommune

## Dødsrate

Talet på dødsfall per år. Høg dødsrate heng som regel saman med større del eldre i befolkninga, og kan motvirke effekten av fødselsraten og føre til befolkningsnedgang. Tal døde har vore stabilt i Sunnfjord kommune, i snitt har det døydd 145 årleg i perioden 2000 til 2023<sup>6</sup>.

<sup>6</sup> SSB 08425: Døde, etter statistikkvariabel, region og år



Figur 7 Dødsrate i Sunnfjord kommune

## Innvandring

Innflytting av personar frå andre kommunar, regionar, eller land kan føre til befolkningsvekst. Innvandring kan vere drive av arbeidsmoglegheiter, utdanning, familiegjenforeining, eller flukt frå konflikt- eller kriseområde. I Sunnfjord kommune har vi dei siste åra hatt ein auke i innvandring, grunna krigen i Ukraina. Til saman 388 ukrainarar har busett seg i kommunen sidan krigen braut ut i 2022.

## Utvandring


Utflytting av personar til andre kommunar, regionar, eller land kan føre til befolkningsnedgang. Utvandring kan skje av same grunnar som ved innflytting.

Flytting til og frå Sunnfjord kommune syner at det gjennomsnittleg har vore ein liten positiv utvikling i perioden 2000 til 2023<sup>7</sup>.

Gjennomsnittleg innflytting, utflytting og nettoflytting i perioden 2000-2023:

Kategori	Gjennomsnitt
Innflytting	1 012
Utflytting	994
Nettoflytting	18

<sup>7</sup> SSB 06913: Befolking og endringer, etter statistikkvariabel, region og år



Figur 8 Flytting til og fra Sunnfjord kommune

## Aldersstruktur

Samansetninga av befolkninga etter alder kan påverke den naturlege befolkningsveksten (forskjellen mellom fødsels- og dødsratar). Ei ung befolkning har potensiale for høgare fødselsratar, medan ein eldre befolkning kan ha høgare dødsratar.

## Økonomiske forhold

Arbeidsmoglegheiter og den økonomiske situasjonen i ein kommune kan påverke både inn- og utflytting. Økonomisk vekst og gode jobbmoglegheiter tiltrekker folk, medan økonomisk nedgang kan føre til utflytting. Nærings- og ringverknadsanalysen<sup>8</sup> som Sunnfjord Utvikling utførte saman med PwC syntet i 2021 at dei fleste verksemndene hadde ei positiv utvikling i Sunnfjord kommune. Frå 2016 til 2020 var det 30 % vekst i omsetnad og 20 % vekst i verdiskaping for verksemder med hovudkontor i kommunen.

<sup>8</sup> [Sunnfjord utvikling sin presentasjon om nærings- og ringverknadsanalyse, presentert i formannskapet 5. november 2021](#)

Analysen synte òg følgjande:

1. Sunnfjord kommune har nokre viktige lokomotiv
  - 26 verksemder har omsetning på over 150 mill. kroner . Desse verksemndene står samla for 59 % av driftsinntektene til alle dei 650 verksemndene som er med i utvalet.
  - To av verksemndene merkar seg ut med omsetning på over 1 MRD:
    - Helse Førde HF - 3 MRD
    - Sparebanken Sogn og Fjordane - 1,1 MRD
2. Høg utviklingstakt i næringslivet
3. Stor breidde i næringslivet i kommunen. Over 600 bedrifter med omsetning mellom 1 mill. kroner og 150 mill. kroner . Desse verksemndene har høgst vekst i lønsemda dei siste 2 åra.

Det er 12 683 personar som er registrert med arbeidsstad i Sunnfjord kommune<sup>9</sup>. 10 620 av dei bur i kommunen. Resten pendlar inn frå nabokommunane. 450 frå Kinn, 192 frå Høyanger, 186 frå Gloppen og 170 frå Askvoll.

### Bustadtilgang og -prisar


Tilgjenge og kostnader ved bustad i kommunen kan påverke folketalet. Rimelege og tilgjengelege bustader tiltrekker folk, medan høge bustadprisar kan vere ein barriere for innflytting. Selskapet Krogsveen nyttar data frå Eigedom Norge, Eiendomverdi AS og Finn.no til å estimere prisutvikling på bustadmarknaden<sup>10</sup>. For Sunnfjord kommune ser prisutviklinga, samanlikna med distrikta i Vestland fylke slik ut:

---

<sup>9</sup> SSB 03321: Sysselsatte (15-74 år) per 4. kvartal. Pendlingsstrømmer, etter bostedkommune, statistikkvariabel, år og arbeidsstedskommune

<sup>10</sup> [Krogsveen prisstatistikk - Sunnfjord samanlikna med distrikta i Vestland](#)

## Prisutvikling bustad i kroner per kvadratmeter



Figur 9 Utvikling i bustadpris (Krogsveen)

Vi ser at bustadprisen er høgare enn snittet i distriktet, og i andre kvartal 2024 kosta ein kvadratmeter 39 694 NOK, ei auke på 20,2 % dei siste fem åra. Til samanlikning kosta ein kvadratmeter i andre kvartal 2024 i kommunane Steinkjer og Kinn:


Kommune	Pris per kvadratmeter
Steinkjer	27 100
Kinn	30 860

### 3.3 Folketalsutvikling

Det er tre overordna kjelder til usikkerheit i folketalsframskrivingane: demografiske føresetnader, modellspesifikasjon og offisiell statistikk. Den største usikkerheita er knytt til dei demografiske føresetnadane om framtidig fruktbarheit, dødelegheit og inn- og utvandring. Framtidig inn- og utvandring er svært usikker, og er den faktoren som bidrar til mest usikkerheit i framskrivingane for barnehagesektoren. Også fruktbarheita og dødelegheita kan ende opp forskjellig frå det som er føresett.

SSB gjer framskrivingar av folketal på kommunenivå fram til 2050. Framskrivingane vert gjort på tre nivå; lågt, middels og høgt. I dette kunnskapsgrunnlaget er det middels nivå som er lagt til grunn. Detaljert framstilling av framskrivingane finn du i vedlegg 19 – Folketalsutvikling i Sunnfjord kommune.

Fordelt på dei fire «kategoriane med innbyggjarar (0-5, 6-15, 16-66 og 67+) ser befolkninga i Sunnfjord kommune slik ut i 2050:



## 4 Sunnfjordbarnehagen

### 4.1 Oversikt barnehagar

I årsmeldinga frå desember 2023 var det registrert 1 232 barn i barnehagane i Sunnfjord kommune. Barna er fordelt på 27 barnehagar, der 19 er kommunale og 8 er private. Vevring barnehage var den minste barnehagen og Sande barnehage den største i desember.

Til barnehageåret 2024/2025 har 1 194 barn plass i barnehagane. Dei er fordelt på 25 barnehagar, der Stardalen barnehage er minst og Sande barnehage er størst (begge private).

Nøkkeltala og djupare innsikt om kvar barnehage finn du i vedlegga 1-17 barnehageportrett.

Barnehageportretta har tre hovuddelar:

- Nøkkeltal
- Innspel får foreldrerepresentantar og tilsette
- Prosjektgruppa si vurdering av situasjonen



Figur 10 Barnehageportrett

I innspelsrunden kom det inn mange innspel. Prosjektgruppa har oppsummert innspela som har kome inn. Hovudtrekka frå kvar barnehage kan du lese i barnehageportrett.

#### 4.1.1 Nøkkeltal

Her er ei rekke nøkkeltal for kvar barnehage. Samla for heile Sunnfjordbarnehagen ser det slik ut:

Samla	Barnetal 24/25	Kapasitet areal- plassar	Areal- plassar i bruk	Ledige areal- plassar	Kostnad per heiltidsplass 2023
Sunnfjord	785	1541,2	912,8	628,4	198 079

## Nøkkeltal alle barnehagane

Barnehagar	Barnetal 24/25	Kapasitet areal- plassar	Areal- plassar i bruk	Ledige areal- plassar	Kostnad per heiltidsplass 2023
Bygstad	51	89,2	56,6	32,6	185 685
Halbrend	54	79,8	60	19,8	182 319
Hatlehaugen	37	53,3	41,3	12	177 567
Holsen	22	46,2	23,6	22,6	214 075
Langhaugane	57	170,6	63,6	107	179 680
Lunden	53	188,9	58,3	130,6	214 417
Nærleiken	61	135,1	69	66,1	213 538
Skei	56	97,6	64,4	33,2	190 872
Slåttebakkane	30	49,8	34	15,8	198 544
Solsida avd. Haugum	33	64,2	36,6	27,6	208 916
Solsida avd. Toene	51	73,8	56	17,8	208 916

Sunde	53	87,6	58,7	28,9	183 449
Tusenfryd	28	60	31,1	28,9	234 665
Vie	78	104,9	90	19,4	176 795
Vieåsen	52	77,1	60	17,1	195 380
Viksdalen	11	28,9	12,3	16,6	253 389
Ytre Hafstad	53	98,4	58,3	40,1	197 011

Tabell 1 Nøkkeltal barnehage


#### 4.1.2 Kapasitet i barnehagen

For å finne ut kor stor kapasitet det er i både dei kommunale og private barnehagane har vi nytta godkjent leike- og oppholdsareal i kvar barnehage som eit utgangspunkt. Vi har sett på kor mange arealplassar som blir nytta basert på barnetalet for barnehageåret 2024/2025. På denne måten kan vi finne ut kor mykje kapasitetsutnytting vi har for barnehageåret 2024/2025.

I denne framstillinga er det ikkje tatt omsyn til bemanningsnorma i den enkelte barnehage (tilsette i dag) eller om det er forsvarleg pedagogisk å utnytte arealplassane maksimalt. Dette er ei matematisk framstilling og kapasiteten er truleg noko lågare ut frå eit forsvarleg pedagogisk perspektiv.


I Sunnfjordbarnehagen, både kommunale og private, har kommunen ein samla maksimal kapasitet arealplassar på 2 150,7 barn, med ei arealnorm på 4,5 kvadratmeter per barn. I dei kommunale barnehagane er det samla ein maksimal kapasitet arealplassar på 1 488,8 barn, og i dei private er det 661,9 barn. Ein nedgang i barnetalet vil truleg påverke kapasiteten både i dei kommunale og dei private barnehagane, og alle vil oppleve overkapasitet med dagens struktur.

## Kapasitetutnytting barnehageåret 2024/2025



Figur 11 Kapasitetsutnytting i kommunale barnehagar 2024/2025

## Kapasitetsutnytting i private barnehagar barnehageåret 2024/2025



Figur 12 Kapasitetsutnytting i private barnehagar 2024/2025

Ut i frå framstilling blir 58,6 % av den totale kapasiteten i dei kommunale barnehagane nytta og 64,7 % av den totale kapasiteten i private barnehagar.

#### 4.1.3 Barnetal


##### Historiske barnetal

Barnehagane, både kommunale og private barnehagar starta å rapportere til Utdanningsdirektoratet<sup>11</sup> i 2008. Samanlikna med kor mange som var folkeregistrert<sup>12</sup> i kommunen er det fleire som vel å nytte barnehagetilbod i 2023 enn i 2008. Grafen under samanliknar kor mange som var folkeregistrert i aldersgruppa 1-5 år i kommunen og dei som valde å nytte barnehagetilboden. I 2008 var det 83,1 % som nytta barnetilboden og i 2023 var det 97,5 % som nytta barnehagetilboden. Trenden er at fleire vel å nytte seg av barnehagetilboden no enn tidlegare. I 2023 var det 1 263 folkeregistrerte i kommunen og av desse nytta 1 232 seg av barnehagetilboden.



Figur 13 Illustrasjonsbilete

Det var flest folkeregistrerte i aldersgruppa i 2013 med 1 543 barn og «toppåret» i barn som gjekk i barnehagen var i 2014 med 1 427 barn.



Figur 14 Samanlikning av busette 1-5 år og barn som nytta barnehagetilboden

<sup>11</sup> Rapportering i Basil, Utdanningsforbundet

<sup>12</sup> SSB 07459: Befolking, etter statistikkvariabel, region, alder og år

#### 4.1.4 Framskriving av barnetal i aldersgruppa 1-5 år

SSB si framskriving av barnetalet ser slik ut:



Figur 15 Framskriving av barnetal i Sunnfjord kommune

I kunnskapsgrunnlaget er det SSB sin middels folketalsframskriving som er lagt til grunn. Basert på framskrivingane kan vi forvente ein reduksjon opp mot 127 barn frå folkeregistrerte barn i 2023 til 2050. Samanliknar vi med «toppåret» 2014 er det ein reduksjon på 291 barn fram mot 2050. Det er ein nedgang på 20,4 % frå «toppåret» 2014.

#### 4.1.5 Godkjent leike- og oppholdsareal

Både kommunale og private barnehagar blei godkjent på nytt i 2022 og 2023. Alle barnehagane blei godkjent for eit areal til leike- og oppholdsareal. Dette arealet er førande for kor mange barn barnehagen har plass til. Den nasjonale norma for areal per barn er:

- 5,3 kvm per barn under 3 år
- 4 kvm per barn over 3 år


Sunnfjord kommune har i sine vedtekter ei arealnorm på:

- 6,0 kvm per barn under 3 år
- 4,5 kvm per barn over 3 år

Fleire av dei private barnehagane i Sunnfjord kommune følger vedtekten til kommunen, medan andre følger nasjonale normer. Under er ei oversikt over kor mykje areal den enkelte barnehage har godkjent.


Areal som kan definerast som leike- og opphaldsareal er:

- Opphaltsrom
- Allrom
- Fingarderobe
- Grupperom
- Kjøkken



Figur 16 Oversikt over godkjent leike- og opphaldsareal i kommunale barnehagar


## LEIKE- OG OPPHALDSAREAL I PRIVATE BARNEHAGAR



Figur 17 Oversikt over godkjent leike- og opphaldsareal i private barnehagar

Samanliknar vi oss med andre kommunar ser vi at vi har meir areal per barn enn dei andre kommunane:

## LEIKE- OG OPPHALDSAREAL I KOMMUNALE BARNEHAGAR PER BARN I KVADRATMETER



Figur 18 Leike- og opphaldsareal i kommunale barnehagar per barn i kvm

#### 4.1.6 Gruppestorleik

I Fafo sin rapport 2023:19: Organisering av barnehagehverdagen – noen idealtyper (Delrapport 1) skriv dei mellom anna om organisering av barnehagar. Det er i hovudsak tre ulike måtar å organisere barnehagen på, avdelings-, hybrid- og basebarnehage<sup>13</sup>.

##### **Avdelingsbarnehage**

Avdelingsbarnehagar har faste barnegrupper med fast personale, pedagogisk leiar og fagarbeidar/assistent. Kvar avdeling disponerer eit hovudrom og nokre mindre rom knytt til hovudrommet. Som oftast har kvar avdeling eigen garderobe. Barna blir levert og henta på avdelinga dei høyrer til.

##### **Basebarnehage**

Basebarnehagar har ei meir fleksibel organisering. Det er gjerne fleire barn knytt til kvar base og det er fleire tilsette. Den store gruppa blir ofte delt inn i mindre grupper i løpet av dagen styrt av aktivitetar. Kvar gruppe har ein base som erstattar avdelinga. Baseområde kan vere eit rom eller eit område i eit større rom der barna bli samla om morgonen og ettermiddagen. Resten av arealet til barnehagen er felles for barn frå fleire basar eller grupper, normalt har dei ulike rom til disposisjon.

##### **Hybridbarnehage**

Hybridbarnehage er ein kombinasjon av avdelingsbarnehage og basebarnehage.

#### **Organisering i kommunale barnehagar i Sunnfjord**

Dei kommunale barnehagane i Sunnfjord kommune er organisert som avdelingsbarnehagar. Det er også den vanlegaste forma for organisering i Norge med 82 % av barnehagane.

Dei aller fleste barnehagane organiserer avdelingane som småbarnsavdeling 0-2 år og stor avdeling 3-6 år. Vi har nokre få som er organisert som aldersblanda avdelingar 0-6 år.

I dei kommunale barnehagane er dei fleste barnehagane bygd for å ha 9 små barn eller 18 store barn, som har vore den mest tradisjonelle gruppestorleiken. Fleire av dei nyaste barnehagane våre er bygd for å kunne ha 12 små barn og 24 store barn. Uavhengig av gruppestorleiken skal barnehagane følge bemanningsnorma.

Forskjellen er at det er 3 vaksne når det er avdelingar med 9 eller 18 barn og at det er 4 vaksne når avdelinga er 12 eller 24 barn.

I kommunestyret i sak 003/23 Plan for framtidig struktur av barnehagar i Sunnfjord kommune blei det mellom anna gjort vedtak om at avdelingane i ny barnehage i Slåtten skulekrins skal organiserast med 9 små barn eller 18 store. Det blei også lagt til eit punkt om at politikarane ønsker å få tilbake ei sak om felles kommunal norm for

---

<sup>13</sup> [Organisering av barnehagehverdagen – noen idealtyper \(Delrapport 1\), Fafo 2023:19](#)

tal barn per avdeling. Det er per i dag ikkje vedtatt ei felles kommunal norm for tal barn per avdeling. Å vedta ei felles norm for tal barn per avdeling blir ei eiga sak.

Uavhengig av utfallet av sak om felles norm for tal barn per avdeling, kan det vere føremålstenleg å bygge avdelingane med eit areal der det i framtida er mogeleg å organisere avdelingane med 12 små eller 24 store barn. Fleire av barnehagane våre har allereie avdelingar med areal til å kunne vere 12 små eller 24 store barn. Det skapar ein fleksibilitet i bygget til å kunne auke opp tal plassar eller auke opp talet småbarnsplassar i ei gruppe ved til dømes ein fødselstopp. Det gjev mogelegheita til å nytte arealet i framtida ser ein framskrivinga av barnetalsutviklinga fram mot 2050 kan det også vere føremålstenleg å ha mogelegheita til å bruke meir areal.

## 4.2 Administrativ organisering

### 4.2.1 Barnehagestruktur

Nasjonale tal:

Det er 5 314 barnehagar i Norge, 2 585 kommunale og 2 729 private (51,4%) som er 106 barnehagar færre enn ved førre rapportering. Ein gjennomsnittleg barnehage i Norge har ei opningstid på 9,5 timer per dag, og eit oppholdsareal på 5,9 kvadratmeter per barn for Sunnfjord er dette 8,7 i 2023. Kostpengar har ein gjennomsnittleg pris på 364 kr per månad for heil plass i noreg, i Sunnfjord er snittet 375 kroner og for kommunale 340 kroner.

1 459 barnehagar har dispensasjon frå utdanningskravet, 21 barnehagar har dispensasjon frå bemanningsnorma og 170 barnehagar har dispensasjon frå utdanningskravet. For Sunnfjord er det 5 barnehagar som ikkje stettar pedagognorma ved oppstarten av barnehageåret 2022-2025 samla for begge sektorar, og ein barnehage som ikkje stettar bemanningsnorma.

Samanlikningskommunar:

	Sunnfjord	Steinkjer	Voss	Sogndal	Kinn	Landet
Barnehagar totalt	27	27	19	16	13	5 314
Tal kommunale barnehagar	18	8	11	12	9	2 585
Tal private barnehagar	8	19	8	4	4	2 729
Gjennomsnitt	8,7	7,1	5,6	6,6	5,7	5,7
Areal per barn						
Tal barn i gjennomsnitt per barnehage	45,4	39,9	44,5	46,2	59	48,06
Prosent barn i private	34,9	55,2	39,7	25	30,4	48,9
Gjennomsnitt tal barn i kommunale	41	68,5	46,4	38	60	

Gjennomsnitt tal barn i private	53,75	31,8	48	79	59	
---------------------------------	-------	------	----	----	----	--

Tabell 2 Barnehagestatistikk samanlikna med ander kommunar og landet (sjå også vedlegg 20)

Tala er henta frå [Barnehagelisten.no](#). Ei nettside som gjer det enkelt å finne og samanlikne barnehagar i Norge. Dei brukar data frå utdanningsdirektoratet, statistisk sentralbyrå og Brønnøysundregisteret.

Dei ti siste åra før vi når toppen når det gjeld fødselstal har det vore drive ei massiv utbygging av barnehagar. I Sunnfjord var dei siste utbyggingane klare i perioden 2012 til 2017. Trenden har vore at ein bygger større barnehagar. Gjennomsnittet i landet når det gjeld tal barn i barnehage er 48, større kommunar har oftare dei største barnehagane. I Sunnfjord kommune er gjennomsnittet 45, dei private barnehagane Sande barnehage og Naustdal Idrettsbarnehage er dei som i størst grad bidrege til å auke snittet, for i kommunal sektor er gjennomsnittet 41.

Nedgang i fødselstal skjer over heile landet, berre frå barnehageåret 2022 til 2023 blir det lagt ned 106 barnehagar i Norge. I Sunnfjord legg vi ned to barnehagar i 2024, Karstad og Vevring.

Steinkjer kommune har redusert frå 31 til 27 barnehagar, ved å bygge og slå saman kommunale barnehagar slik at dei har eit høgare tal barn og kan drive meir kostnadseffektivt. Kinn kommune har redusert tal barnehagar frå 16 til 13 barnehagar.

#### 4.2.2 Barnehageleiing

I [SFS 2201](#) Arbeidstid for barnehager, skolefritidsordninger og skole står det at ein barnehage som hovudregel skal ha styrar i heil stilling. Einingsleiar i mindre barnehagar kan også utføre andre oppgåver enn dei som naturleg gjeld for styrar, for eksempel arbeid i barnegruppa. Tida ein brukar til desse oppgåvene skal drøftast lokalt, men det skal minimum settast av 35 prosent til administrasjon og styraroppgåver. I barnehagar med meir enn 42 barn eller fleire skal det settast av heil stilling til leiaroppgåver, og i større barnehagar bør det opprettast stilling som assisterande styrar.

Ved inngangen til at vi blei Sunnfjord kommune vart det utarbeida ein ressursmodell for barnehagane som har følgjande intervall inndeling for administrasjonsressurs i våre barnehagar:

Plassar	Årsverk
1	0,35
18	0,5
36	0,7
54	1
72	1,5

90	1,7
108	2
126	2,3
144	2,5

Tabell 3 Fordeling av administrasjonsressurs i Sunnfjordbarnehagen

## Økonomisk handlingsrom

Første året i Sunnfjord kommune var det ein del forskjellar i det økonomiske handlingsrommet i barnehagane, fordi vi drifta med budsjett henta frå dei fire kommunane. Barnehagane i sentrum som var del av gamle Førde kommune hadde mest ressursar som frie driftsmidlar og høgare løn. I budsjettarbeidet for 2021 gjorde vi ei harmonisering i sektoren etter ny fordelingsnøkkelen, og i forhandlingane hadde ein harmonisering av løn som gjorde at det handlingsrommet for nokon gjekk ned og for andre noko opp. Det vart ikkje tilført ressursar til sektoren til denne harmoniseringar anna enn lønsmidlar.

## Rekrutteringssituasjonen

Vi har opplevd utfordringar med rekruttering til pedagogstillingar og stillingar som leiarar dei siste åra, med få søkerar til ledige stillingar. Vi har ikkje fått tilsett i alle pedagogstillingar ved oppstarten av nytt barnehageår 2024-2025.

## Framtidige utfordringar

Styrarane ser for seg fleire framtidige utfordringar, därlegare økonomi, lågare kapasitet i administrasjon på grunn av endringar i krav og forventningar frå nasjonalt, kommunalt og brukarnivå. Lågare barnetal, men fleire barn som har utfordringar og familiar som treng ekstra hjelp og støtte. Utfordringar med å rekruttere kvalifiserte tilsette, og manglande vedlikehald av bygg og uteområde.

## Tiltak

Styrarane har forståing for at vi må gjere tiltak for å møte framtidige innsparings- og omstillingsbehov i sektoren. Dei peikar på at kontinuerleg barnehageopptak er eit godt tilbod til foreldre og småbarnsfamiliar, men det er kostbart og det utfordrar sektoren. Det gjer til at det blir endringar i gruppene heile året i enkelte barnehagar, og det er krevjande når ein har tilvenning gjennom heile barnehageåret. Skal ein gjere dette på ein god måte må det settast av midlar, og vere klare ein type «bufferavdeling» for dette opptaket. Dette særleg i Førde når ein gjer opptak slik at ein kan ha ein meir føreseieleg plan for dette opptaket enn det ein har i dag.

Styrarane er tydelege på at det ikkje er mogeleg å spare meir på driftsmidlar, særleg etter harmoniseringa og innsparingane som er gjort.

## Barnehageleiinga i tida som kjem

Tradisjonelt dreiv styraren i stor grad arbeidet i små, meir uformelt organiserte barnehagar med ein opplevd flatare struktur, med god tid til å leie det pedagogiske arbeidet. Sterkare statleg styring og profesjonsstyring har gjort noko med styraren si rolle. Dette blir bekrefta frå ekspertgruppa som la fram sin rapport Barnehagelærerollen i et profesjonsperspektiv – et kunnskapsgrunnlag i 5.

desember 2018. Den peikar på at barnehagestyren er blitt meir ein leiar av profesjonsfellesskap, organisasjonsbyggar, nettverksdeltakar innan oppvekstfeltet. Leiar for IKT og alt etter eigarskap offentleg eller privat ein konkuranseleiar og politisk aktivist og tida ein har til pedagogisk leiing er betydeleg redusert.

### Bemannning i barnehage:

Vi fekk ny pedagognorm og bemanningsnorm i 2018. Bemanningsnorma skulle sikre tal tilsette per barn, fordi enkelte barnehagar auka opp tal pedagogar og tok inn fleire barn enn forholdet 3 små eller 6 store barn per tilsett. Fordi vi tidlegare berre hadde SFS 2210 som sa noko om tal barn per pedagog og leiingsresurs, før pedagognomen kom var regelen at ein pedagog ikkje kunne ha ansvar for meir enn 18 barn over tre år eller 9 barn under tre år. Ein del barnehagar utnytta dette og sette inn 2 pedagogar på ei avdeling og tok inn ekstra barn på ei bemanning på tre personar slik at tal barn per vaksen kunne bli høgare enn det som er norma i dag.

I gamle Sogn og Fjordane som Sunnfjord kommune var ein del av hadde bemanning tilsvarande det som er bemanningsnorm i dag, og dei fleste kommunane dreiv ei avdeling med ein pedagogisk leiar og to fagarbeidararbeidrar eller assistent. I tillegg hadde vi ein styrkingsresurs per tre og seks avdelingar, som låg noko over det som ligg inne i ressursmodellen som var laga til kommunenesamanslåinga, med ein noko høgare prosentstilling per avdeling. Desse ressursane har blitt tatt ned som ein del av innsparing så vi har ingen ekstra bemanning for å styrke arbeidet for tidleg innsats slik det er i dag. Tal barn per pedagog er også redusert til å no vere sju barn under tre år eller fjorten barn over tre år.

For Sunnfjordbarnehagen har innføring av pedagognorm og ny pedagognorm i praksis ført til at vi har mindre ressursar knytt til arbeid i gruppa enn vi hadde før. Vi har fleire pedagogar som skal ha plantid og ingen ekstra styrkingsressurs til barnehagen. For ein barnehage med tre avdelingar har ressursane gått ned med 80 prosent stilling til barnegruppa fordi ein har 10 prosent meir stilling som går til plantid, og 60 prosent mindre ressurs til styrking.

Noko som kan vere medverkande til at nærast alle innspel seier noko om behov for meir bemanning i barnehagane.

### 4.2.3 Bygningsmessige forhold

I rammeplanen for barnehagen – innhald og oppgåver står det mellom anna i kapittel 3 Formålet med og innhaldet i barnehagen: «Det fysiske miljøet i barnehagen skal vere trygt og utfordrande og gi barna allsidige rørsleerfaringar. Personalelet skal utforme det fysiske miljøet slik at alle barn får høve til å delta aktivt i leik og andre aktivitetar, og slik at leiker og materiell er tilgjengelege for barna»<sup>14</sup>.

---

<sup>14</sup> [Rammeplanen for barnehagen – innhald og oppgåver](#)



I vedlegg 1-17 barnehageportrett om den enkelte barnehage, og vedlegg 18 Standard for barnehagebygg og uteområde og vurderingar av status i barnehagen i dag, kan du finne meir detaljert informasjon om den enkelte barnehage.

I dokumentet Standard for barnehagebygg og uteområde og vurderingar av status i barnehagen i dag, er det skissert kva som skal vere standard og innhald i ein barnehage dersom vi skal bygge ny barnehage. Det er lagt opp til at Langhaugane barnehage skal vere referansebarnehage for framtidige barnehagar.

Bygningsmessige forhold til barnehagesektoren generelt varierer frå god standard til därleg standard. Det varierer også i den enkelte barnehage kva indikatorar ein har god standard på, og kva som er mindre godt. Barnehagane i region Førde har i større grad enn barnehagane i dei andre regionane därlegare fasilitetar for dei tilsette. Det kan gi utfordringar med god og effektiv drift av kontortid, møtetid og pauseavvikling.

---

[https://www.regjeringen.no/contentassets/f78959abbdc54b0497a8716ab2cbbb63/barnehagelarerrolle\\_n-i-et-profesjonsperspektiv.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/f78959abbdc54b0497a8716ab2cbbb63/barnehagelarerrolle_n-i-et-profesjonsperspektiv.pdf)

# 5 Økonomi

## 5.1 Økonomisk berekraft

Det er tre indikatorar som normalt ligg til grunn for å vurdere kommunen si økonomiske berekraft og handlingsrom:

- Resultatgrad (netto driftsutgifter)
- Gjeldsgrad
- Oppsparte frie midlar (disposisjonsfond)

### 5.1.1 Resultatgrad – netto driftsresultat

Resultatgraden viser kva kommunen sit att med når alle driftskostnadene, inkludert renter og avdrag er trekt frå kommunen sine driftsinntekter.


Netto driftsresultat<sup>15</sup> i prosent av brutto driftsinntekter blir brukt som eit mål på kommunen sitt økonomiske handlingsrom, og er ein viktig indikator på om det er økonomisk balanse i kommunen. Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi anbefaler at nivået på driftsresultatet utgjer 1,75 % av brutto driftsinntekter over tid. Sunnfjord kommune ligg på gult nivå, eit positivt tal under 1,75 % blir omtala som eit resultat på gult nivå.

Netto driftsutgifter frå 2020-2023 i Sunnfjord kommune:

År	Driftsresultat
2020	0,7 %
2021	2,6 %
2022	1,5 %
2023	1,1 %

<sup>15</sup> [SSB kommunefakta – Sunnfjord kommune](#)

Om vi samanliknar med dei andre kommunane har dei siste åra sett slik ut:



Figur 19 NDR siste år for samanlikningskommunane. SSB/KOSTRA/Framsikt

Grafen over syner ei samanlikning med nokre utvalde kommunar. I 2022 var landet, Kinn og KOSTRA-gruppa over målet på 1,75% netto driftsresultat. I 2023 ligg samtlege kommunar under eit mål på 1,75%. Sogndal kjem nærast med rundt 1,6%, mens tre av kommunane, og KOSTRA-gruppa kjem ut med eit negativt driftsresultat for 2023.

#### 5.1.2 Kommunen si gjeldsgrad


Gjeldsgrad er kommunen si lånegjeld i % av driftsinntektene. Indikatoren er noko meir kompleks å vurdere, sidan ein del av lånegjelda er finansiert via sjølvkost, men for å måle status og utvikling omtalar vi ofte eit berekraftig nivå til å ligge rundt 80 %. Sunnfjord kommune har sjølv sett 50 % som eit berekraftig nivå på denne indikatoren<sup>16</sup>. Sunnfjord kommune ligg over det som er tilrådd og kommunen ligg på eit gult nivå.

Gjeldsgraden frå 2020-2023 i Sunnfjord kommune:

År	Gjeldsgrad
2020	97,4 %
2021	97,8 %
2022	92,7 %
2023	94,4 %

<sup>16</sup> Økonomiplan 2024-2027

Om vi samanliknar med dei andre kommunane har dei siste åra sett slik ut:



Figur 20 Lånegjeld siste år for samanlikningskommunane. SSB/KOSTRA/Framsikt.

Målet på 50 % er noko lågare enn det vi ofte ser andre kommunar har på lånegradi. Ein norm som ofte er nytta er rundt 80 %, men sjølv eit slikt nivå ligg lågare enn Sunnfjord kommune har per no. I motsetning til dei to andre indikatorane er det her om å gjere å ligge under det finansielle måltalet.

To av kommunane i samanlikninga, Voss herad og Sogndal, ligg ned mot 50 % og godt under 80 %. For dei aller fleste kommunane er gjelda synkande frå 2022 til 2023, det gjeld også for Sunnfjord kommune. Både Steinkjer og Kinn har i heile perioden høgare gjeldsgrad enn Sunnfjord kommune.


### 5.1.3 Disposisjonsfond

Den siste indikatoren er knytt til oppsparte frie midlar også kalla disposisjonsfond. Dei frie inntektene blir målt i % av driftsinntektene. I utgangspunktet vil det alltid vere ønskeleg å ha eit betydeleg disposisjonsfond, men for å måle berekraft blir eit mål mellom 10 til 20 % ofte nytta. Sunnfjord kommune har sett 10 % som eit berekraftig nivå i sine gjeldande handlingsreglar. Sunnfjord kommune sitt nivå på dispensasjonsfondet er å betrakte som gult nivå.

Disposisjonsfondet frå 2020-2023 i Sunnfjord kommune:

År	Disposisjonsfond
2020	4,6 %
2021	6,0 %
2022	5,3 %
2023	7,3 %

Ei samanlikning her ser slik ut:



Figur 21 Disposisjonsfond siste år for samanlikningskommunane. SSB/KOSTRA/Framslikt


Grafen viser at Sunnfjord kommune er i det midtre sjiktet, samanlikna med dei andre kommunane, i frie reservar. I snitt ligg både KOSTRA-gruppa og landsgjennomsnittet over måltalet på 10%, det gjer også Sogndal. Voss herad og Kinn ligg dei fleste åra under Sunnfjord kommune, medan Steinkjer har eit fall frå 2022 til 2023 og er også under 10 % i 2023.

## Oppsummering av nøkkeltal

Oppsummert er den økonomiske berekrafta til kommunen noko under ønska nivå. Alle dei tre sentrale indikatorane syner lågare eller svakare resultat enn målsettinga. Det er berre i 2021 at ein av indikatorane (resultatgrad) var over det som omtalast som eit ønska nivå.



### Kommunaløkonomisk bærekraft



Forenkla kan dette illustrerast slik som figuren til over syner. Per 2023 låg alle indikatorane lågare/svakare enn gjeldande handlingsreglar.

Dei finansielle nøkkeltala syner at Sunnfjord kommune er i ein utsett og sårbar økonomisk situasjon. I tillegg til at kommunen venteleg vil få reduserte eller strammare økonomiske rammer framover, må ein også venne seg til høgare (og variabelt) rentenivå, auka faste kostnadar (straum, løn/pensjon, generell prisvekst) og ei kostnadskrevjande endring i demografien. Neste del nedanfor kjem inn på denne utfordringa for kommunen generelt og for oppvekstområdet spesielt.

## 5.2 Framskriving og demografi avdekker eit stort omstillingssbehov

Samansetninga av innbyggjarar i kommunen endrar seg over tid. Framskrivingane syner at endringane i aldersgruppene blir store og gir to viktige utslag:


- Tenestene kommunen tilbyr får enten overkapasitet eller underkapasitet samanlikna med tidlegare, såframt ein ikkje justerer tilbodet.
- Kommunen sine inntekter frå rammetilskotet blir justert etter eit berekna kostnadsbehov ut frå alderssamsetninga i kommunen. Nedgang i barn og unge vil redusere kommunen sine inntekter for aldersgruppa, medan fleire innbyggjarar i dei eldre årsgruppene vil auke inntektene for aldersgruppa.



Figuren nedanfor syner ei estimering av korleis endringar i demografi vil påverke kommunen sine framtidige kostnader. Forutsetninga for ei slik berekning er at einingskostnadene per brukar ligg fast og at ein driv slik ein driv i dag.

## Omstillingsbehov grunna demografikostnader 2024 - 2034

*Tal i MNOK*



*Figur 22 Utvikling i demografikostnader – Framsikt/SSB berekning*

Grafen syner korleis dette slår ut samla for Sunnfjord kommune. Her baserer vi oss på middelalternativet<sup>17</sup> til SSB og ein tidsserie frå 2024 til 2034. Fleire eldre gir kommunen auka kostnadar som blir delvis kompensert i inntektssystemet, samtidig som ein reduksjon i tal på barn i skulealder gir eit markert fråtrekk. Trenden er den same for barn i barnehagealder, men er ikkje like markant. Berekninga illustrert over syner behovet for omdisponeringar i budsjettet og mellom tenesteområda.

<sup>17</sup> Middelalternativet MMMM med forutsetning om middels fruktbarhet, dødelighet, innvandring og utvandring.


Grafen visar ein netto kostnadsauke på rundt 93 mill. kroner i kommunen sitt driftsbudsjett frå 2023 til 2034. Kostnadsveksten innanfor dei eldres aldersgruppene isolert sett er på nesten 190 mill. kroner, medan det føreset at kommunen finansierer rundt 100 mill. kroner av dette med omdisponeringar frå dei yngste aldersgruppene – barnehage og grunnskule. Meir om konsekvensane og omfanget konkret for barnehage nedanfor.

### 5.3 Demografiutvikling og barnetalsutvikling

I framskrivingane til SSB er det ei negativ utvikling. Anslaga er usikre og bør vurderast som optimistiske. For dei yngste aldersgruppene (0-15 år) går det frå 4 376 i 1. kvartal i 2024 til 3 818 i 2050. For aldersgruppa 1-5 år, som normalt er barna i barnehagealder, går det frå 1 238 i 2024 til 1 136 i 2050.

Framskriving i utvalde år:

År	Barnetal 1-5 år
2024	1 238
2034	1 189
2044	1 191
2050	1 136




Figur 23 Utnytting av fysisk kapasitet

Grafen syner framskriving av barnetalet frå 2024-2050 opp mot maksimal kapasitet arealplassar. Kapasitet arealplassar er ei matematisk utrekning basert på godkjent leike- og oppholdsareal samla for både kommunale og private barnehagar i

Sunnfjord kommune. Med dagens struktur vil maksimal kapasitet arealplassar vere lik i heile perioden, Karstad barnehage og Vevring barnehage er ikkje inkludert då dei blei lagt ned frå august 2024. Gapet mellom tal barn og maksimal kapasitet arealplassar illustrerer overkapasiteten i Sunnfjordbarnehagen.

Demografien påverkar utgiftsbehovet for ulike tenester i ein kommune. Det samla utgiftsbehovet for alle tenester, vil i sin tur påverke rammetilskotet som kommunen får frå staten. Auka utgiftsbehov blir delvis kompensert i form av auka rammetilskot, medan ein nedgang gir eit trekk i rammetilskotet.

Grafen nedanfor viser utvikling i estimert utgiftsbehov innan barnehage basert på demokratiutviklinga fram til 2032.



Figur 24 KS demografimodell for å vise forventa utviklingstrekk for brutto driftsbehov i barnehagesektoren


Reduksjonen i utgiftsbehovet er større i Sunnfjord enn for både landet generelt og for Vestlandskommunane. Sunnfjord kommune har i mange år hatt ein høg del barn og unge, og dermed eit høgare behov for barnehagar. Reduksjonen i utgiftsbehovet er anslått noko seinare i tid enn for fylket og landet, men reduksjonen er frå 2027 forventa å vere vesentleg større enn landet og etter kvart også fylket. Grafen viser at dette biletet vil endre seg. Ein risikerer overdimensjonerte tenester dersom ein ikkje justerer tilbodet.

Nedgangen i utgiftsbehovet vil på sikt påverke rammetilskotet og er hovudårsaka til at kommunen får betydelege reduserte inntekter i perioden. Dette inntekstbehovet blir omtala som «omstillingsbehovet» og som i utgangspunktet må gjennomførast i tillegg til eventuelle generelle innsparingsbehov.

## 5.4 Samla innsparings- og omstillingsbehov i barnehagesektoren fram til 2032

Som i utviklinga over syner må kommunen gjennomføre ei betydeleg omstilling grunna demografien. I tenesteanalysen er omstillinga sett til 23 millionar for barnehage i Sunnfjord kommune. Utviklinga syner at truleg må denne omstillinga fortsette også etter 2032. Det samla omstillingsbehovet for kommunen er sett til rundt 83,9 millionar kroner, der hovuddelen må dekkast inn der dei framtidige demografibehova blir redusert, altså innanfor barnehage og grunnskule.

I tillegg kjem eit generelt innsparingsbehov på rundt 121 millionar kroner, der barnehage må ta rundt 39,8 millionar kroner av desse. Utviklinga per år i perioden fra 2024 til 2032 ser om lag slik ut:



Figur 25 Omstilling og innsparing samla for barnehageområdet i Sunnfjord kommune – eigne tal i tenesteanalysen

Den blågrøne grafen syner barnehage sin del av innsparinga, medan den oransje syner omstillingsdelen av beløpet. Samla skal barnehagesektoren redusere drifta med 3,3 millionar kroner i 2024 og i slutten av kommande økonomiplan, 2028, er det samla akkumulerte behovet på 62,8 millionar kroner. Utviklinga i tala ser slik ut:


<b>Barnehage</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>2026</b>	<b>2027</b>	<b>2028</b>	<b>2029</b>	<b>2030</b>	<b>2031</b>	<b>2032</b>
Innsparing	3,3	23,4	33,2	39,8	39,8	39,8	39,8	39,8	39,8
Omstilling	0,0	5,0	13,1	13,0	20,8	23,5	24,0	23,9	23,0
Samla	3,3	28,4	46,3	52,8	60,2	63,3	63,8	63,7	62,8

## 5.5 Driftskostnad i barnehagesektoren

I dette kapittelet kan du finne nokkeltal og driftskostnadene i barnehagesektoren. For å få meir detaljar om kostnadsbilde for Sunnfjord kommune samanlikna med kommunane Steinkjer, Voss herad, Kinn og Sogndal kan du lese meir i vedlegg 20 Sunnfjord kommune – samanlikning med andre kommunar.

### 5.5.1 Netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år barnehage

Samanlikna med dei andre kommunane ligg Sunnfjord og Kinn i det øvre sjiktet. Grafen<sup>18</sup> nedanfor syner kva kommunane brukar til barnehage på teneste 201 barnehage, 221, skyss og lokale og 211 styrking per innbyggjar i aldersgruppa 1-5 år.



Figur 26 Tal henta frå Framsikt/SSB, kostnadene per innbyggjar i aldersgruppa 1-5 år

<sup>18</sup> Framsikt/SSB 13502: Utvalgte nøkkeltal for barnehager, etter region, statistikkvariabel og år

## 5.5.2 Driftstilskot til private barnehagar

Private barnehagar har rett til driftstilskot per heiltidsplass, jf. forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager<sup>19</sup> § 3 første ledd. Kommunen skal kvart år rekne ut ein tilskotssats for barn 0-2 år ein for 3-6 år. Satsane er grunnlaget for driftstilskotet til dei private barnehagane.

Sunnfjord kommune nyttar ein mal<sup>20</sup> som er utarbeida i samarbeid mellom KS (kommunesektorens interesseorganisasjon) og PBL (Private Barnehagers Landsforbund).

Grunnlaget for utrekning av tilskot til private barnehagar er:

- 2 år gamle rekneskap som blir deflatorjustert
- Barnalet i kommunale barnehagar for rekneskapsåret
- Foreldrebetaling for året tilskotet gjeld
- Pensjonspåslag (10 % av kommunen sine kostnadene)
- Administrasjonspåslag 4,3 % (kostnadene som er vanskeleg å definere etter KOSTRA)
- Kapitaltilskot

Barnehagar som har høgare pensjonskostnadene enn det som ligg i grunnlaget for driftstilskot har rett til å få kompensert kostnadene. PBL gjekk til sak mot Kunnskapsdepartementet i vår som gjekk på at private barnehagar ikkje har fått kompensert høgare pensjonskostnadene. Kommunane har avslått søknadene primært med argument om at pensjonsavtalen som gjeld er inngått etter 1. januar 2019, jf. Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager § 4a.

Kunnskapsdepartementet tapte saka og konsekvensane for kommunane er foreløpig usikre.

I tillegg til driftstilskot har private barnehagar rett til å få kompensert og dekka utgifter til:

- Søskenmoderasjon
- Redusert foreldrebetaling
- Gratis kjernetid
- Kostnadene til gjennomføring av enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelpe etter § 31 i barnehagelova
- Kostnadene til gjennomføring av enkeltvedtak om tilrettelegging etter § 37 i barnehagelova

<sup>19</sup> Lovdata - Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager

<sup>20</sup> KS – Beregning av tilskudd til private barnehager

## Tilskotssatsar samanlikna med andre kommunar

Alle kommunar som har både kommunale og private barnehagar har plikt til å rekne ut tilskotssatsar for private barnehagar i sin kommune. Vi har samanlikna våre satsar med kommunane vi samanliknar oss med og nasjonale satsar. Satsane har vi henta frå barnehagemonitor<sup>21</sup> og forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager<sup>22</sup> (inkludert gamle versjonar). Satsen for Gauldalskommune i 2021 er henta frå eigne tal då dei ikkje var registrert hos barnehagemonitor.

For åra 2020 og 2021 blei det rekna ut tilskotssatsar for dei «gamle» kommunane fordi grunnlaget var 2 år gamle rekneskap. For Sunnfjord kommune hadde vi 4 ulike satsar desse år, fleire av kommunane var i same situasjon. For desse åra har vi lagt inn eit gjennomsnitt av satsane for å kunne samanlikne.

I 2022 og 2023 var det ulike nasjonale satsar for konsernbarnehagar og enkeltståande barnehagar. For desse åra har vi lagt inn eit gjennomsnitt av satsane til konsernbarnehage og enkeltståande barnehage for å kunne samanlikne tala. Det blir rekna eit gjennomsnitt for alle kommunane sine satsar for å kome fram til den nasjonale satsen for både 0-2 år og 3-6 år.


Nedanfor syner tilskotssatsane for barn 0-2 år i kommunane. Sunnfjord kommune skil seg ikkje i stor grad ut i oversikta, men vi ligg i øvre sjiktet.

---

<sup>21</sup> [Barnehagemonitor – Tilskudd i barnehagesektoren](#)

<sup>22</sup> [Lovdata – Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager](#)

## Tilskotssats for 0-2 år




Figur 27 Oversikt over tilskotssatsane i kommunane og nasjonale satsar for 2020-2024 (0-2 år)

Sunnfjord kommune ligg i 2024 20 000 kroner over samanlikna med Steinkjer kommune som har lågast sats. Kommunen ligg også litt over nasjonale satsar og er ein av kommunane som bidreg til å auke gjennomsnittet for nasjonale satsar.

Nedanfor syner tilskotssatsane for barn 3-6 år i kommunane. Sunnfjord kommune skil seg ikkje i stor grad ut i oversikta, men ligg i øvre sjiktet.

## Tilskotssats for 3-6 år




Figur 28 Oversikt over tilskotssatsane i kommunane og nasjonale satsar for 2020-2024 (3-6 år)

Sunnfjord kommune ligg i 2024 om lag 20 000 kr over samanlikna med Steinkjer kommune som har lågast sats. Kommunen ligg også litt over nasjonale satsar og er ein av kommunane som bidreg til å auke gjennomsnittet for nasjonale satsar.

Barnehagemonitor har laga ei framstilling som syner korleis tilskotssatsane for 0-2 år fordelar seg innanfor gitte nivåintervall i kommunegruppe 9. I grafen under kan vi sjå korleis kommunane i kommunegruppe 9 fordelar seg mellom nivåintervalla for åra 2020-2024.

## FORDELING I KOMMUNEGRUPPE 9 - SATSER 0-2 ÅR




Figur 29 barnehagemonitor si framstilling av korleis kommunane fordeler seg mellom intervallane

Sunnfjord kommune er plassert innanfor desse intervalla i perioden:

År	Intervall
2020	240.001-255.000
2021	240.001-255.000
2022	240.001-255.000
2023	255.001-270.000
2024	285.001-300.000

For alle åra utanom 2023 ligg Sunnfjord kommune i det øvste intervallet.

## Driftstilskot til private barnehagar 2019-2024



Figur 30 Tilskot til private barnehagar i Sunnfjord kommune

Tilskotet til private barnehagar har auka frå 2019 og fram til 2024. Tilskotet har i perioden auka frå 68,3 - 95,5 millionar kroner. Private barnehagar har rett på 100 % likebehandling og får driftstilskot basert på drift av kommunale barnehagar. Når driftsnivået i kommunale barnehagar aukar, vil også driftstilskotet til private barnehagar auke.

### Kompensasjonsordningar


Det er to kompensasjonsordningar private barnehagar har rett til å få kompensert. Dette er søskenmoderasjon og redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid. Kommunen rapporterer årleg til Utdanningsdirektoratet om kor mykje det kostar kommunen. Midlane til kompensasjonsordningane er ein del av rammetilskotet til kommunen.

- **Søskenmoderasjon**

Grafen syner kor mykje søskenmoderasjon kostar Sunnfjord kommune samla sett, kor mykje kompensasjon private barnehagar får og kor mykje dette utgjer i kommunale barnehagar.

Samla for Sunnfjord kommune ligg kostnadane mellom 2,5-2,8 millionar kroner. For private barnehagar ligg kostnadane mellom 0,8-0,9 millionar kroner og for kommunale barnehagar utgjer det mellom 1,6-1,9 millionar kroner.

## Kostnadar til søskenmoderasjon




Figur 31 Kostnadar til søskenmoderasjon og kva private barnehagar får kompensert

- **Redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid**

Grafen syner kor mykje redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid kostar Sunnfjord kommune samla sett, kor mykje kompensasjon private barnehagar får og kor mykje dette utgjer i kommunale barnehagar.

Samla for Sunnfjord kommune ligg kostnadane mellom 2,2-3,1 millionar kroner. For private barnehagar ligg kostnadane mellom 0,5-0,72 millionar kroner og for kommunale barnehagar utgjer det mellom 1,6-2,5 millionar kroner.

## Kostnad til redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid



Figur 32 kostnad til redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid og kva private barnehagar får kompensert

### Spesialpedagogiske tiltak og tilrettelegging

Kommunen pliktar å dekke kostnad til gjennomføring av tiltak etter enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelpe, jf. § 31 i barnehagelova og enkeltvedtak om tilrettelegging, jf. § 37 i barnehagelova, både i kommunale og private barnehagar.

For perioden 2020-2023 har det ein årleg kostnad samla for kommunen mellom 17,1-21,4 millionar kroner. I private barnehagar er kostnadsramma mellom 3,9-5,6 millionar kroner og i kommunale barnehagar ligg det mellom 13,2-16,7 millionar kroner.

I vedlegg 20 Sunnfjord kommune – samanlikning med andre kommunar er det meir informasjon om korleis vårt kostnadsnivå er samanlikna med kommunane.

## Kostnadar til spesialpedagogiske tiltak og tilrettelegging



Figur 33 Kostnadar til spesialpedagogiske tiltak

### Endringar i finansiering av private barnehagar

Det har i fleire år vore drøfta endringar i finansiering av private barnehagar. Sidan 2011 har det kome fleire mindre justeringar, mellom anna pensjonspåslaget som er ein del av utrekninga av tilskotet.

Sidan 2020 har det vore ein større diskusjon på nasjonalt nivå om det skal gjerast større endringar i finansieringa. I juni 2021 kom rapporten om finansiering av private barnehagar, *Du er henta!*<sup>23</sup>, som Storberget-utvalet utarbeida. I november 2023 la Kunnskapsdepartementet ut på høyring Forslag til endringar i barnehagelova med forskrifter (*Styring og finansiering av barnehagesektoren*)<sup>24</sup>, med høyringsfrist 1. februar 2024. Det blei i høyringsperioden utarbeida ein brosjyre; *Forslagene til endringer i barnehagelova om nytt system for styring og finansiering – kort fortalt om de viktigste grepene!*<sup>25</sup>

I juni 2024 la KS ut ein artikkel, KS og PBL med felles innspill til brent barnehageforlik<sup>26</sup>. Alle partia på Stortinget blei einige om å forhandle om eit nytt barnehageforlik til hausten. Partia skal forhandle i haust og målet er at regjeringa legg fram ein lovproposisjon våren 2025. Finansiering og regulering av private

<sup>23</sup> [Kunnskapsdepartementet - Du er henta!](#)

<sup>24</sup> [Kunnskapsdepartementet – Høring Forslag til endringer i barnehagelova med forskrifter](#)

<sup>25</sup> [Brosjyre – Kort fortalt om de viktigste grepene!](#)

<sup>26</sup> [KS – KS og PBL med felles innspill til brent barnehageforlik](#)

barnehagar blir hovudtema i forhandlingane og dei er blitt einige om eit forhandlingsgrunnlag:

- «Jobbe for økt bemanning og lavere sykefravær
- Gi enkeltstående og ideelle barnehager en trygg finansiering
- At barnehager har tydelige pensjonsrammer
- Endre dagens kapitaltilskudd til et eiendomstilskudd»


Det er eit mål på nasjonalt nivå å utarbeide eit nytt barnehageforlik med mellom anna endringar i finansiering av private barnehagar. Det er usikkert kor tid endringane er klare og kor tid eventuell ny ordning trer i kraft. Det er også usikkert kva som blir konsekvensane for kommunen på sikt.

### 5.5.3 Kontinuerleg barnehageopptak

I KST sak 073/21 økonomiplan 2022-2025 blei det i vedtaket i punkt 3. «Prioritet nr. 29 i driftstiltak til kontinuerleg barnehageopptak vert lagt inn med 0,5 mill. kroner i 2022». Intensjonen er at alle som ønsker barnehageplass uavhengig om barnet har lovfesta rett eller ikkje lovfesta rett etter barnehagelova skal få tilbod om barnehageplass.

Sunnfjord kommune har tatt inn barn utan lovfesta rett til barnehageplass når det har vore kapasitet og bemanning til å gjere det, ut frå bemanninga ein starta opp med ved oppstart nytt barnehageår. Nytt etter vedtak i 2021 er at det blir oppretta plassar til barn som flyttar til kommunen og alle barn som treng barnehageplass (0 åringar), sjølv om desse ikkje har lovfesta rett til plass. Nedanfor er ei oversikt over kor mange som ikkje har lovfesta rett til barnehageplass som har fått eit barnehagetilbod.

## Kontinuerleg barnehageopptak




Figur 34 Kontinuerleg barnehageopptak - Kjelde: Basil – Utdanningsdirektoratet sitt rapporteringssystem

Samla for kommunen har det i perioden blitt gitt tilbod frå 24-29 barn kvart år som ikkje har lovfesta rett. Av desse barna er det frå 16-20 barn som er 0 år når dei får tilbod om plass kvart år. Samanliknar vi oss med Steinkjer, Voss herad, Kinn og Sogndal skil vi oss markant frå dei andre kommunane i 0-åringar vi gir barnehagetilbod (vedlegg 20 Sunnfjord kommune – samanlikning med andre kommunar).

Kostnaden i tilskot til private barnehagar for kontinuerleg barnehageopptak ligg mellom 2-5 millionar kroner per år. Nedanfor er oversikt over korleis kostnadane er per år.

## Tilskot til private barnehagar til barn utan lovfesta rett til barnehageplass



Figur 35 Driftstilskot til private barnehagar for barn utan lovfesta rett til barnehageplass

I tillegg til driftstilskot til private barnehagar har kontinuerleg barnehageopptak ein kostnad i kommunale barnehagar. I 2022 har kontinuerleg barnehageopptak i kommunale barnehagar ein kostnad 1,6 millionar kroner og i 2023 var kostnaden 1,1 millionar kroner.

### 5.5.4 Overtalige i barnehagesektoren

Det er lovfesta i barnehagelova og forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager at barnehagen skal følgje både bemanningsnorma og pedagognorma.

I barnehagelova<sup>27</sup> § 26. Grunnbemanning andre ledd står det: «Barnehagen skal minst ha én ansatt per tre barn når barna er under tre år og én ansatt per seks barn når barna er over tre år. Barn skal regnes for å være over tre år fra og med august det året de fyller tre år».

I forskrift<sup>28</sup> om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager § 1. Norm for pedagogisk bemanning andre ledd står det: «Barnehagen skal ha minst én

<sup>27</sup> [Barnehagelova](#)

<sup>28</sup> [Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjoner i barnehager](#)



pedagogisk leder per syv barn under tre år og én pedagogisk leder per 14 barn over tre år. Ett barn til utløser krav om en ny fulltidsstilling som pedagogisk leder. Barn regnes for å være over tre år fra og med august det året de fyller tre år».

Vi har nytta Utdanningsdirektoratet sin bemanningskalkulator<sup>29</sup> som grunnlag for å sjå om barnehagen stettar lovkrava etter bemanningsnorma og pedagognorma, for å sjå på status for 2024/2025. I talmaterialet har vi inkludert alle som har fått eit barnehagetilbod gjennom Visma Flyt Barnehage per 22.08.2024. Det er ikkje alle som har starta i barnehagen per no, og det er mogeleg det blir tilsett fleire for å stette krava til bemanningsnorma og pedagognorma. Talmaterialet som blir omtala er tilsette per august 2024 og barn som har fått tilbod per 22.08.2024.

Legg vi lovkrava til grunn blir dei fleste barnehagane drifta med noko overtalige etter bemanningsnorma. Dei fleste barnehagane har også noko tettare pedagogettleik enn lovkravet, men det er fleire som ikkje stettar dette kravet.

Det er til saman fem barnehagar som ikkje stettar pedagognorma for barnehageåret 2024/2025.


Dei fleste barnehagane som driftar med noko overtalige har ei bemanning mellom 5,1- 5,9 barn per vaksen. Noko av dette er bemanning sett av til å ta imot flyktingar og gjere kontinuerleg barnehageopptak. Det er 3 barnehagar som har ei bemanning mellom 3,6 – 4,8 barn per vaksen.

Vi har ein barnehage som verken stettar bemanningsnorma eller pedagognorma.

---

<sup>29</sup> [Utdanningsdirektoratet – bemanningskalkulator for barnehage](#)

## Bemanningsnorma og pedagognorma fordelt mellom barnehagane og Sunnfjord kommune samla



Figur 36 Bemannings- og pedagognorm i Sunnfjord kommune

Ser vi på ytterpunktet har barnehagen med best vilkår ein vaksentettheit på 3,6 barn per vaksen, og den med dårlegast vilkår ein vaksentettheit på 7,0 barn per etter bemanningsnorma. I forhold til pedagognorma har barnehagen med best vilkår ein pedagogtettheit på 6,5 barn per pedagog og den med dårlegast vilkår ein pedagogtettheit på 15,7 barn per pedagog.

Samla for alle kommunale barnehagar har vi ei bemanning på 5,3 barn per vaksen og ein pedagogtettleik på 11,5 barn per pedagog. Tala syner at vi samla sett for kommunale barnehagar driftar med noko overtalige etter bemanningsnorma og har god pedagogtettleik.

## 5.6 Oppsummering

### 5.6.1 No-situasjon

Sunnfjord kommune har ein til dels anstrengt og skjør økonomi. Fleire av dei økonomiske og finanzielle indikatorane syner ei svak utvikling og at kommunen har ein moderat til liten økonomisk handlefridom. Samtidig har ikkje kommunen underskot eller meirforbruk frå tidlegare år som må dekkast inn.

## 5.6.2 Framtidige behov

Framskrivinga av demografikostnadane gjev eit tydeleg bilde på kva omstettingsbehov Sunnfjord kommune har. I tenesteanalysen for kommunen samla er det planlagt ei samla innsparing på 121 mill. kroner og ei omstilling på 84 mill. kroner i perioden 2024 til 2032. Samla innsparing og omstilling er difor anslått til rundt 205 mill. kroner. Ein stor del av denne omstillinga og innsparinga vil naturleg nok gje betydeleg effekt på Sunnfjordbarnehagen. Samla er det føresett at barnehage skal dekke 62,8 mill. kroner av denne samla endringa.

Allereie innan 2028 er det føresett ein reduksjon innan barnehagesektoren på 60,2 mill. kroner. I praksis vil dette bety ein reduksjon tilsvarande rundt 89 årsverk i barnehagesektoren. Ei slik endring lar seg ikkje gjennomføre utan at ein gjennomføre større strukturelle grep innanfor barnehagesektoren. Allereie i dag har Sunnfjord kommune ein kostnadskrevjande struktur.

Føresetnadane for berekningar knytt til omstettingsbehov grunna endringar i demografi baserer seg på middelsalternativet til SSB. Det er eit alternativ som også har ein viss grad av usikkerheit og sårbarheit. Alternativet med for eksempel låg nettoinnvandring til kommunen vil dette alternativet auke omstettingsbehovet ytterlegare. Dersom vi legg til grunn tilnærma inga flytting, vil omstettingsbehovet auke ytterlegare.

# 6 Kvalitet

## 6.1 Kva seier innspela om pedagogisk kvalitet?

Det er fleire område som er retta søkjelys mot i innspela som har kome inn.

Innspela gir innsikt i ei rekke område der tilsette og foreldre er nøgde med den pedagogiske praksisen som finn stad i Sunnfjordbarnehagane. Innspela som har kome definerer langt på veg kva som er viktig å ta vare på i møte med framtidige utfordringar for å oppretthalde kvalitet i barnehagertilbodet.

**Kompetent og kvalifisert personale:** Barnehagane trekker fram at dei har utdanna pedagogar. I tillegg har mange barnehagar fagarbeidarar. Det kjem og fram at mange av pedagogane har ulike vidareutdanninger som styrker det faglege miljøet og kompetansen. Det vert også trekt fram dei tilsette si vilje til å vidareutvikle seg, og å tilegne seg ny kunnskap.

**Tidleg innsats:** Barnehagane trekker fram verdien av tidleg innsats, og det å kunne gje eit godt pedagogisk barnehagertilbod frå tidleg småbarnsalder. Å utvikle eit godt fundament tidleg, kan vere med på å førebyggje utfordringar seinare i livet. Grunnlaget for utvikling og læring blir lagt i barna sine første leveår. Det tilbodet barna får i barnehagen vil kunne vere med på å danne grunnlaget for korleis ein vil lukkast seinare i livet.



Figur x - Illustrasjon

**Trygt og godt barnehagemiljø:** Barnehagane jobbar målretta med eit trygt og godt barnehagemiljø. Stabilitet i personalgruppa og eit godt arbeidsmiljø er indikatorar som er med på å fremje eit trygt og godt barnehagemiljø. Inkludering av alle barn, uavhengig av bakgrunn og behov, er og ein styrke i arbeidet med eit trygt og godt barnehagemiljø.

**Fysisk og digital infrastruktur:** Det er ein del variasjon og skilnad mellom barnehagane når det kjem til uteområde, lokale inne og digitalt utstyr.

**Samarbeid med lokalmiljøet og foreldre:** Barnehagane skildrar eit godt samarbeid med foreldre, og trekker fram foreldra si tyding for barna sin kvardag i barnehagen. Samarbeid med lokalmiljøet vert trekt fram som positivt, og noko som fleire gjerne ynskjer å styrke og samarbeide tettare med.

**På spørsmålet om kva forbettingsområde ein ser innafor det pedagogiske arbeidet har vi trekt ut følgjande:**

**Vidareutdanning for barnehagelærarar og assistentar:** Det vert spelt inn at det er behov for vidareutdanning for barnehagelærarar, og spesialpedagogikk vert framheva. Det vert også trekt fram at det er behov for tilrettelegging slik at assistentar kan ta fagbrev.

**Grunnbemanning:** Det kjem tydeleg fram at det er behov for auka grunnbemanning i barnehagane. Dette for å kunne stette dei ulike krava ein har som tilsett, for å kunne jobbe førebyggjande, samt for å vere mindre sårbare ved fråvær.

**Administrativ stabilitet og pedagogisk utvikling:** Det er viktig med stabilitet blant personale og at barnehageeigar er medviten si rolle i å legge til rette for fagleg utvikling og attraktive arbeidstilhøve.

**Infrastruktur og ressursar:** Det blir rapportert om mangel på grupperom slik at ein kan dele barnegruppene i mindre grupper. I tillegg vert det rapportert om behov for hjelpemiddel og læreremiddel som kan nyttast i det pedagogiske arbeidet.

**Utviklingsområde:** Det er viktig at barnehagane kan arbeide med eigne tema utifrå kva barnehagen treng å jobbe målretta med, utan at ein vert overbelasta med fleire utviklingsområde på same tid.


**Overgangar og relasjonsbygging:** Overgangen frå barnehage til skule/SFO vert nemnt som eit potensielt forbettingsområde.

### 6.1.1 Kvalitetsindikatorar

Offisielle kvalitetsindikatorar i barnehagesektor er foreldreundersøking og kommunebarometeret, i tillegg har vi fått eit foreløpig kommunebilde frå Stasforvaltaren i Vestland.

Foreldreundersøking er gjennomført i 2021 og 2023. Resultata ligg jamt som landet eller over landet. Dei syner at foreldre stort sett er nøgde med barnehagetilbodet i kommunen.

## Foreldreundersøking 2023



*Figur 37 Utdanningsdirektoratet sin foreldreundersøking i barnehagesektoren*

I kommunebarometeret er dei viktigaste indikatorane grunnbemanning per barn, tal barnehagar som oppfyller pedagogognorm og tal tilsette som har pedagogisk kompetanse. Tala frå kommunal sektor utgjer 45 prosent av vekta i barometeret, og 15 prosent er tilsvarende nøkkeltal frå private barnehagar. Andre nøkkeltal er prosent menn i barnehage, tal minoritetsspråklege som går i barnehage, tal barn som har barnehageplass og leike- og opphaldsareal i barnehagane.

Sunnfjord kommune landar på 70. plass i kommunebarometeret for 2024.

13 nøkkeltal	2020	2021	2022	2023
Tal barn per årsverk, kommunale barnehagar	226	196	159	180
Tal barn per årsverk, private barnehagar	101	69	33	76
Andel kommunale barnehagar som oppfyller pedagogognorma	230	176	185	202
Andel private barnehagar som oppfyller pedagogognorma	148	144	88	124
Andel tilsette i kommunale barnehagar med pedagogisk utdanning	169	161	121	140
Andel tilsette i private barnehagar med pedagogisk utdanning	116	130	172	132
Andel tilsette som er menn, alle barnehagar	24	19	26	33

Andel av minoritetsspråklege barn som går i barnehage siste år	156	231	157	48
Andel av minoritetsspråklege barn som går i barnehage siste fire år	156	209	207	143
Tal barn per barnehage	235	233	220	210
Leike- og oppholdsareal per barn i kommunale barnehagar	93	102	100	80
Leike- og oppholdsareal per barn i private barnehagar	54	53	70	62
Andel 1-5 åringar med barnehageplass	50	64	54	45

Tabell 4 Kommunebarometeret, plassering innanfor nøkkeltala for åra 2021-2024

Slik er rangeringa for kommunebarometeret 2024, samanlikna med Steinkjer, Voss, Kinn og Sogndal.

Rangering 2024	Sunnfjord	Steinkjer	Voss	Kinn	Sogndal
Tal barn per årsverk, kommunale barnehagar	180	261	180	334	180
Tal barn per årsverk, private barnehagar	76	92	92	92	49
Andel kommunale barnehagar som oppfyller pedagognorma	202	1	187	1	135
Andel private barnehagar som oppfyller pedagognorma	124	75	111	101	1
Andel tilsette i kommunale barnehagar med pedagogisk utdanning	140	132	131	1	130
Andel tilsette i private barnehagar med pedagogisk utdanning	132	42	92	54	92
Andel tilsette som er menn, alle barnehagar	33	129	171	317	105
Andel av minoritetsspråklege barn som går i barnehage siste år	48	220	257	134	206
Andel av minoritetsspråklege barn som går i barnehage siste fire år	143	105	283	101	184
Tal barn per barnehage	210	163	197	310	218
Leike- og oppholdsareal per barn i kommunale barnehagar	80	158	294	280	172
Leike- og oppholdsareal per barn i private barnehagar	62	40	136	97	139
Andel 1-5 åringar med barnehageplass	45	123	169	56	25

Tabell 5 Kommunebarometeret 2024, plassering innanfor nøkkeltala

## Plassering på barnehagefeltet i 2024

Kommune	Plassering
Sunnfjord	70
Steinkjer	55
Voss	189
Kinn	83
Sogndal	56

Samla syner kvalitetsindikatorane at tilsette i barnehagane i Sunnfjord har betre kompetanse enn landssnittet, men det er ei auke i tal dispensasjonar frå pedagognorma, både i kommunal og privat sektor. Vi ser ein klar samanheng mellom rekruttering og låge søkerantal til barnehagelærarutdanning ved Høgskulen på Vestlandet avdeling Sogndal, som er lærarutdanninga vi har rekruttert flest pedagogar frå.

## 6.2 Barnehagekvalitet

### 6.2.1 Små og store barnehagar

Om ein driv små eller store barnehagar er ikkje avgjerande for kvaliteten i barnehagane i følgje Fafo sin forskingsrapport frå 2015.

Konklusjonen i rapporten seier at størrelsen ikkje er avgjerande for barnehagen sin kvalitet. Det er andre strukturelle faktorar, som barnehagen si organisering, leiing, eigarskap, tilsette sin kompetanse og arbeidsstil, som til saman skapar forutsetningar for å skape kvalitet i relasjonar og faglege resultat. Dette er eit særtrekk som ofte skil ein stor barnehage frå ein mindre. Store barnehagar må vere merksame på den indre organiseringa og leiing. Dette på ein måte som dei mindre barnehagane kan klare seg utan. Kvalitet i relasjonar og dagleg arbeid handlar ikkje om storleik på barnehagen, men om korleis ein forvaltar dei menneskelege ressursane ein har til rådvelde.

I rapporten delar ein inn i små, mellomstore og store barnehagar. Små barnehagar er barnehagar med mindre enn 36 barn, mellomstore barnehagar er barnehagar på cirka 100 plassar og store barnehagar har over 100 plassar der dei største barnehagane har 400 barn. Rapporten peikar på at foreldre svarar at dei ser på små barnehagar som tryggast og best for barnet sin trivsel, men når dei skal skåre ut på tilfredsheit er det ikkje skilje mellom små og mellomstore barnehagar. Skiljet går mellom mellomstore og store barnehagar, på korleis foreldre scorar tilfredsheit. Dette ser vi att i foreldreundersøkingane vi gjennomførte i 2021 og 2023 i Sunnfjordbarnehagen som du kan sjå under.

## Foreldreundersøking 2021

Undersøkinga viser resultatet for alle kommunale barnehagar og etter storleik.

Tema	Alle barnehagar	1-25 barn	26-50 barn	51-75 barn	76+ barn
Ute- og innemiljø	4,2	4,0	4,1	4,2	4,3
Relasjon mellom barn og vaksen	4,6	4,6	4,6	4,6	4,7
Barnet sin trivsel	4,8	4,8	4,8	4,7	4,8
Informasjon	4,3	3,9	4,3	4,2	4,3
Barn si utvikling	4,7	4,6	4,6	4,7	4,7
Medverknad	4,3	4,1	4,3	4,3	4,5
Henting og levering	4,5	4,3	4,5	4,4	4,5
Tilvenning og skulestart	4,5	4,4	4,4	4,5	4,6
Tilfredsheit	4,6	4,5	4,5	4,5	4,7

Tabell 6 Utdanningsdirektoratet si foreldreundersøking


## Foreldreundersøking 2023

Undersøkinga viser resultatet for alle kommunale barnehagar og etter storleik.

Tema	Alle barnehagar	1-25 barn	26-50 barn	51-75 barn	76+ barn
Ute- og innemiljø	4,2	4,2	4,1	4,1	4,3
Relasjon mellom barn og vaksen	4,5	4,5	4,5	4,5	4,7
Barnet sin trivsel	4,8	4,9	4,8	4,8	4,8
Informasjon	4,4	4,1	4,5	4,4	4,5
Barn si utvikling	4,7	4,7	4,8	4,7	4,8
Medverknad	4,3	4,2	4,4	4,3	4,5
Henting og levering	4,5	4,4	4,5	4,4	4,6
Tilvenning og skulestart	4,6	*	4,7	4,6	4,7
Tilfredsheit	4,6	4,5	4,6	4,5	4,7

Tabell 7 Utdanningsdirektoratet si foreldreundersøking


## Kommunale barnehagar



Figur 38 Oversikt over storleiken på kommunale barnehagar

Grafen syner korleis storleiken i dei kommunale barnehagane har vore i perioden 2020-2023. Karstad barnehage og Vevring barnehage som er to av barnehagane som høyrer til gruppa 1-25 bar blei lagt ned i august 2024. I perioden er det 1-2 barnehagar som har 76 eller fleire barn i barnehagen. Vi har fleire kommunale barnehagar som har potensiale til å høyre til denne gruppa.

## Private barnehagar



Figur 39 Oversikt over storleiken i private barnehagar

Det er noko meir stabilitet i storleiken i private barnehagar samanlikna med kommunale i perioden 2020-2023. Barnehagane held seg i større grad innanfor same storlek i heile perioden.

## 6.3 Kvalitetsutvikling i sektoren

Det har vore gjennomført mykje forsking og undersøkingar i barnehage, SFO og skule dei ti siste åra. St. melding 6 – Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO, peikar på at mange barnehagar og skular har inkluderande fellesskap og følger opp barn og elevar på ein god måte. Mykje har gått rett veg, men det likevel er mykje å ta tak i då alle barn og elevar ikkje får den hjelpa dei treng. Vidare seier den at mange barn som har behov for særskilt tilrettelegging ikkje får den hjelpa dei treng, og at dei for ofte blir tatt ut av gruppa eller fellesskapet for å få eigne tilbod. I tillegg møter for mange barn som har rett til spesialpedagogisk hjelp vaksne utan relevant kompetanse, og at PP-tenesta brukar for lite tid saman med barna og eleven.

Det er sett i gang ei rekke tiltak frå nasjonalt hold. Det blir brukt mykje pengar i barnehage, skule og heile oppvekstfeltet for å auke kompetanse, og få kompetansen

nærmore barnet og kome i gang tidlegare med hjelp til barn som treng ekstra hjelp og støtte. Dette kan du lese meir om i kapittel 7.

I Sunnfjord kommune har vi bestemt at vi ynskjer å få til eit ressursteam i kvar barnehage. Her skal kontaktperson i PPT delta. Dette som eit mål om å få kompetansen nærmare barnet og for å vere tettare på med rettleiing til barnehagen på individ- og systemnivå.

Sunnfjord kommune har vedteke førebyggjande plan for barn og unge «Saman om ein god oppvekst», og ein har vedteke kommunen sin samhandlingsmodell med same namn. Den syner kommunen sin strategi for førebygging, tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid. I planen finn ein prioriterte tiltak for tenestene som jobbar med barn og unge. Tenestene som jobbar med barn og unge blir ofte omtala som «laget rundt barnet» og det består av barnehage, helsestasjon, PPT, Barnevern, Tverrfagleg team, Koordinerande team for barn og unge og BUFA (Barn, unge og familiestøtte). Ein finn informasjon om desse tenestene og korleis dei samarbeider i [samhandlingsmodellen](#) for Sunnfjord kommune.

### 6.3.1 Pedagogisk utviklingsarbeid i Sunnfjordbarnehage

Vi har jobba godt med barnehagemiljø som er eit forholdsvis nytt område vi må ha god kunnskap om og system til å handtere. Her har vi laga handbok på kommunen si nettside.

Det har komme nye og skjerpa krav til internkontroll i barnehage. Dette blir eit viktig område å arbeide med framover, og særleg i kommunal sektor vil vi bruke tid på dette. Målet skal vere å få det til å vere eit levande og kontinuerleg arbeid for forbetring og førebygging av HMT-arbeidet. I tillegg til at det skal fungere som eit kvalitetssystem som sikrar standardar og kvalitet i barnehagane.

Vidare må vi ha ein plan for å gjere god nytte av pengane som blir tilført sektoren, og med dei tiltaka som blir omtala i kapittel 8.

Eit mål er å få til ei felles satsing i kompetanseløftet for framtidas barnehage.

### 6.3.2 Barnehagemiljø

I 2020 kom det endringar i Lov om barnehagar 19. juni 2022, der det blei lagt til eit nytt kapittel 8. Psykososialt barnehagemiljø som tredde i kraft 1. januar 2021.

Alle som arbeider i barnehage, og barnehageeigar pliktar å sikre at barnehagebarn har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø. Kravet er at vi skal ha nulltoleranse for mobbing, arbeide førebyggande og vi har ei aktivitetsplikt om vi mistenkjer eller får kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og god barnehagemiljø.

Ved inngangen til kommunesamanslåinga deltok alle tilsette i Sunnfjordbarnehagen i satsinga «Inkluderande barnehage og skolemiljø» i regi av Utdanningsdirektoratet. Vi gjennomførte samlingsbasert kurs og nettkurs. Som vidare arbeid i satsinga har vi

arbeidd fram ei handbok for barnehagemiljø som ligg på kommunen si heimeside. Denne skal vere til hjelp for foreldre og tilsette. Her finn ein ulike informasjon, ein får kjennskap til korleis vi jobbar førebyggjande og den syner kva som ligg til aktivitetsplikta.

### 6.3.3 Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis

Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis siktar mot varig styrking av kompetanse innan spesialpedagogikk i norske barnehagar, skular og PP-tenester. Tiltaket inneber tilskot til kollektiv etterutdanning og utvikling av nettressursar og kompetansepakkar for å betre tilpassing og inkludering i barnehagen. Målet er å fremme eit godt tilpassa og inkluderande tilbod for alle barna, og støtte dei til utvikling, meistring, læring og trivsel.

## 6.4 Andre tenester i barnehagen

Det er ei rekke tenester som jobbar inn i barnehage med oppfølging av barn. Av dei kommunale tenestene er det spesielt helsestasjonen og PPT som har ei sentral rolle i oppfølging av barn. Bemanningsutfordringar og fråvær i desse tenestene er særleg krevjande då det rammar barn som treng ekstra oppfølging spesielt. Det er vanskeleg å sette inn vikarar, og det har synt seg å vere utfordrande å bemanne viktige stillingar, til dømes logoped og helsesjukepleiar.

### 6.4.1 Helsestasjonen

Helsestasjon sitt arbeid i aldersgruppa null til seks år følger nasjonale faglege retningslinjer i både svangerskapsoppfølging og i helsestasjonsoppfølginga av barn frå null til fem år.

#### Svangerskapsoppfølging:

Svangerskapet er ei viktig tid i livet for dei som skal bli foreldre, og for barnet som skal kome. Som gravid kan dei velge om dei vil ha oppfølging hjå jordmor og/eller fastlege. Tilboden er gratis. Det er tilbod om svangerskapsomsorg ved alle helsestasjonar og legesenter i kommunen.

#### Helsestasjon 0 til 5 år:

Barn under skulealder får tilbod om oppfølging og faste kontrollar hos helsesjukepleiar og lege på helsestasjonen.

Tilboden følger eit standardisert program med 14 konsultasjonar frå fødsel til 4 års alder, inkludert heimebesøk ved fødsel. Ein kan alltid ta kontakt med helsestasjonen om ein har spørsmål eller opplever små og store utfordringar i kvardagen. Ein kan finne meir informasjon om Helsestasjon i Samhandlingsmodellen til Sunnfjord kommune.

Samarbeidet mellom helsestasjon og barnehage er på individnivå. til dømes ved overgang frå heim til barnehage, ved oppfølginga etter kontroll hos helsestasjon og

at helsestasjon deltek i møte i barnehagen når dei er koordinator i ei sak eller blir invitert inn av foreldra og barnehagen.

Fleire av innspela viser til at barnehagane ynskjer eit tettare samarbeid med helsestasjon som ein viktig samarbeidspart i tidleg fase i enkeltsaker der barn og familien treng ekstra støtte og oppfølging.

#### 6.4.2 PPT

PPT har eit barnehageteam med PP-rådgivarar med til saman 3 årsverk. Innanfor denne ressursen skal dei tilsette arbeide etter PPT sitt todelte mandat, jf. barnehagelova § 33. Pedagogisk-psykologisk tjeneste: «Kommunens pedagogisk-psykologiske tjeneste er sakkyndig instans i saker om spesialpedagogisk hjelp. Den pedagogisk-psykologiske tjenesten skal sørge for at det blir utarbeidet lovpålagte sakkyndige vurderinger.

Den pedagogisk-psykologiske tjenesten skal bistå barnehagen i arbeidet med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å tilrettelegge barnehagetilbudet for barn med særlige behov».

Kvar barnehage har tildelt kontaktperson frå PPT sitt barnehageteam. PPT har faste dagar der dei er i barnehagane og deltek mellom anna på einingane sine interne ressursteam. I tillegg rettleiar dei tilsette på avdeling, observerer, kartlegg og driv med kompetanseheving til barnehagane. Årsverka i teamet blir fordelt ut i frå barnehagane sin storlek, men og utifrå behov. PPT er deltakande i alle barnehagane (17 kommunale og 8 private). Med ressursen fordelt i barnehagane som strekk seg frå Bygstad i vest til Stardalen i aust er det mykje tid som går med til reising.

Kvar tilsett i barnehageteamet har om lag 8 barnehagar kvar. Den som er kontaktperson i den enkelte barnehage deltek fast i ressursteamet i barnehagen. Kommunen har eit tverrfagleg team og der deltek ein fast tilsett frå barnehageteamet. Det er ofte den som er kontaktperson i barnehagen som «eig» dei sakene som blir tilvist frå barnehagen til PPT, men på grunn av ulike kompetansefelt arbeidar PP-rådgivarane ut mot fleire barnehagar enn dei er kontaktperson for.

I tillegg til barnehageteamet har PPT eit kompetansteam som arbeidar ut mot barnehagane med 6 årsverk. Fagfelt som er representert i kompetansteamet er spesialpedagogar, logoped og migrasjonspedagog. Primært følger kompetansteamet opp tiltak rundt barn som har fått enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp. I tillegg arbeider dei i saker som omhandlar kompetanse- og organisasjonsutvikling. Dei reiser på lik linje med PP-rådgivarane i barnehageteamet rundt til barnehagane.

Migrasjonspedagogen støttar og rettleiar barnehagane i høve minoritetsspråklege barn i barnehagen. Det blir gjennomført kurs, informasjonsmøte, kompetanseheving og dei deltek i enkeltsaker.

## 7 Bemanning og rekruttering

Kunnskapsdepartementet la i januar 2023 fram ein ny barnehagestrategi; [Barnehagen for en ny tid](#). Regjeringa vil med strategien bidra til at barn i heile Norge skal ha tilgang til eit likeverdig barnehagetilbod med høg kvalitet. Strategien legg grunnlaget for at barnehagesektoren blir utvikla i ei felles retning fram mot 2030.


Under kapittelet: Kompetanse og kvalitetsutvikling gir gode barnehagar har regjeringa lista opp ei rekke mål og tiltak for at alle som arbeidar i barnehagen skal ha god og relevant kompetanse:

- «Jobbe for at barnehagelærere utgjør minst 60 prosent av grunnbemanningen
- Jobbe for at flere barnehagelærere i barnehagen har mastergrad
- Jobbe for at alle barnehager har minst 25 prosent fagarbeidere
- Jobbe for at eier har en plan for hvordan formell relevant kompetanse kan opparbeides for ansatte som mangler slik kompetanse
- Jobbe for at alle ansatte i barnehagen får mulighet til etterutdanning og/eller videreutdanning
- Jobbe for at alle barnehager utvikler sin pedagogiske praksis gjennom barnehagebasert kompetanseutvikling
- Bidra til å sikre at mangfoldsperspektivet er godt ivaretatt, herunder flerkulturell kompetanse blant de ansatte i barnehagen
- Følge opp NOU 2022:13 Med videre betydning. Et helhetlig system for kompetanse- og karriereutvikling i barnehage og skole
- Legge frem en strategi for digital kompetanse og infrastruktur i barnehage, skole og fagopplæring
- Legge frem stortingsmelding om samisk språk, kultur og samfunnsliv som blant annet skal handle om rekruttering og kompetanse i barnehager»

### 7.1 Kven jobbar i Sunnfjordbarnehagen i dag?

[Utdanningsdirektoratet har statistikk](#) på korleis utdanningsnivået i prosent fordeler seg mellom dei tilsette i barnehagesektoren. Statistikken baserer seg på kva barnehagane har rapportert i årsmeldinga som blir rapportert til Utdanningsdirektoratet årleg. Grafen under syner korleis fordelinga i prosent er i kommunale barnehagar i perioden 2020-2023.

## Prosentvis forfeling mellom utdanningsnivået



Figur 40 Utdanningsnivået i kommunale barnehagar

### Forklaring til kategoriane som Utdanningsdirektoratet nyttar:

Utdanning	Forklaring
Barnehagelærar	Blir brukt for barnehagelærarutdanning eller førskuleutdanning. Barnehagelærar inkluderer ikkje tilsette med anna pedagogisk utdanning som tilsvrar utdanningskravet til styrar eller pedagogisk leiar.
Tilsvarande barnehagelærar	3-årig pedagogisk utdanning og tilleggsutdanning i barnehagepedagogikk (60 studiepoeng). Anna pedagogisk utdanning kan vere allmennlærar, faglærar, spesialpedagog eller barnevernspedagog.
Anna pedagogisk utdanning	3-årig pedagogisk utdanning på høgskule- eller universitetsnivå som ikkje har tilleggsutdanning i barnehagepedagogikk som er kravet for å vere tilsett som pedagogisk leiar.
Barne- og ungdomsarbeidar	Fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfag.

Anna høgare utdanning	Høgskule- og universitetsutdanning som ikke inngår i kategoriane barnehagelærarutdanning eller anna pedagogisk utdanning.
Anna fagarbeidarutdanning	Anna fagbrev eller yrkeskompetanse enn barne- og ungdomsarbeidarfag.
Anna bakgrunn	Anna utdanningsbakgrunn. Det kan vere tilsette med grunnskuleutdanning eller anna utdanning på vidaregåande nivå.

I kommunale barnehagar er det mellom 43-45 prosent av dei tilsette som har barnehagelærarutdanning. Vi ligg per i dag om lag på nasjonal norm for barnehagelærarar. I 2023 er det 20 prosent som er barne- og ungdomsarbeidalar og det er i tillegg 7 prosent som har anna fagarbeidarutdanning. Om lag 25 prosent av dei tilsette har grunnskuleutdanning eller anna utdanning på vidaregåande nivå.

## 7.2 Vidareutdanning for barnehagelærarar

### 7.2.1 Kompetanse for framtidas barnehage

Vidareutdanning for barnehagelærarar er eit av tiltaka i Strategien «kompetanse for fremtidens barnehage». Strategien har blitt revidert og gjeld for perioden 2023-2025. Det er ei statleg satsing, og er ei ordning for barnehagelærarar der barnehageeigar får støtte gjennom Utdanningsdirektoratet si ordning. For barnehageåret 2024/2025 får barnehageeigar 100 000 kroner i tilretteleggingsmidlar for kvar barnehagelærar som tek 30 studiepoeng. For 15 studiepoeng får barnehageeigar 50 000 kroner i tilretteleggingsmidlar.

Tilretteleggingsmidlane barnehageeigar får tildelt skal brukast til:

- permisjon med lønn til å delta på studiesamlingar og/eller til lesedagar
- vikarutgifter når den tilsette er på studiesamling
- betaling av reise- og opphaldsutgifter knytt til studiesamlingar
- innkjøp av studiemateriell
- semesteravgift

Barnehagelærarar kan søke på fleire studie i Utdanningsdirektoratet sin studiekatalog. Deretter er det nasjonale prioriteringar av Kunnskapsdepartementet og lokalt kompetansebehov som er styrande for om barnehagelærarar får tilbod om plass eller ikkje.

Vidareutdanning for barnehagelærarar i regi av Utdanningsdirektoratet er ei viktig ordning for at barnehagelærarar skal få meir kompetanse og møte utfordringar dei møter i kvardagen.

Barnehagelærarar som tar vidareutdanning gjennom ordninga (tala er henta frå Utdanningsdirektoratet si søknadsbehandling):

År	Tal
2020/2021	3
2021/2022	2
2022/2023	9
2023/2024	7
2024/2025	17

Utdanninger som er valt gjennom ordninga er: Spesialpedagog (18), Barns språkutvikling og språkopplæring (8), Realfag i barnehagen (2), Pedagogisk leiing og læringsmiljø (1), Rettleiarutdanning (5), Digital kompetanse i barnehagen (2), Kunst, kultur og kreativitet (1) og Leiing i utviklingsarbeid (1).

### 7.2.2 Vidareutdanning for fagarbeidrarar

Fagarbeidrarar kan også få tilbod om vidareutdanning gjennom fagskuleutdanning i oppvekstfag for barnehagetilsette<sup>30</sup>. Det er ei vidareutdanning for barne- og ungdomsarbeidrarar og assistenter med minimum fem års erfaring frå arbeid med barn.

Det er eit krav at studenten arbeidar i barnehage under studieperioden. Det er eit deltidsstudie over to år og studenten får 60 studiepoeng. Fagarbeidrarar og assistenter kan få auka kompetanse innanfor tre fordjupningsområde:

- «Barn med behov for særskilt tilrettelegging
- Arbeid med språk, fleirspråklighet og kulturell kompetanse
- Arbeid med de yngste barna (0-3) i barnehagen»

Gjennom regionale kompetansemidlar kan samarbeidsforum prioritere at inntil 30 prosent av midlane i ordninga kan nyttast til følgande kompetansetiltak vurdert ut frå lokale behov<sup>31</sup>:

- «barnehagefaglig grunnkompetanse
- kompetansehevingsstudier for fagarbeidere og assistenter
- fagbrev som barne- og ungdomsarbeider (praksiskandidatordningen)
- tilretteleggingsmidler for lokal prioritering»
- Støtte til å ta desentralisert grunnutdanning som barnehagelærar ABLU

### 7.2.3 LærariVest

LærariVest er eit pilotprosjekt som Sunnfjord kommune gjennomfører saman med Høgskulen på Vestlandet (HVL). Prosjektet er henta frå ein modell som Nord universitet<sup>32</sup> utvikla saman med sine nedslagskommunar.

---

<sup>30</sup> Utdanningsdirektoratet – Fagskoleutdanning - barnehageansatte

<sup>31</sup> Lovdata: Retningslinjer for tilskuddsordning for lokal kompetanseutvikling i barnehage og grunnopplæring

<sup>32</sup> Nord universitet: LæreriNord – saman for å rekruttere lærere

Prosjektet går ut på å lage ein møteplass for tilsette i barnehage og skule, der dei som ønsker å utvikle kompetansen sin kan få skreddarsydd rettleiing og informasjon. HVL informerer om deira tilbod, og kva tilpassingar som er mogleg å få til slik at ein kan studere ved sida av jobb. Kommunen informerer om kva arbeidsmoglegheiter det er i kommunen, og kva ordningar som er mogleg å nytte seg av under utdanning og som nyutdanna.

Målet med prosjektet er å rekruttere fleire lærarar for å sikre kommunen kvalifisert arbeidskraft.

## 7.3 Rekruttering

Sunnfjord kommune har vedteke planstrategi for perioden 2024-2024. I strategien er det bestemt at vi skal utarbeide plan for arbeidsgjevarpolitikk, der arbeid med ein god plan for rekruttering særleg blir trekt fram. Bakgrunn er dei demografiske utfordringane som er grundig omtala i kapittel 4 og 5 i kunnskapsgrunnlaget, som syner at vi blir færre i yrkesaktiv alder i kommunen om framskrivingane blir som forventa.

Ein skulle tru nedgang i barnetal og tal årsverk ein har behov for i sektoren gjer til at vi ikkje har same behov for rekruttering, men det stemmer ikkje. Det som utforar er at vi blir færre i yrkesaktiv alder på same tid som det kjem auka krav til kompetanse i barnehagane. I strategien Barnehagen for en ny tid som vi har omtala innleiingsvis i dette kapittelet er det eit mål at 85 prosent av bemanninga skal ha barnehagefagleg kompetanse, 60 prosent barnehagelærar og 25 prosent fagarbeidar. Noko som gjer at behovet for rekruttering av barnehagefagleg kompetanse er forventa å ligge omtrent på same nivå som i dag.

Låge søkeratal til barnehagelærarutdanningane, og særleg Høgskulen på Vestlandet si avdeling i Sogndal har vi byrja å merke. Lærarutdanninga i Sogndal har vore vår viktigaste arena for rekruttering av pedagogisk kompetanse, i løpet av barnehageåret 2023-2024 og ved siste utlysingar har vi ikkje søkerar til alle pedagogstillingar. Så det blir viktig at vi lagar gode planar for å nyttiggjere oss av dei stimuleringsmidlane som blir tilført barnehageområdet i strategien Kompetanse for framtida sin barnehage.

### 7.3.1 Kompetansebehov

Vi har ikkje full oversikt over framtidig kompetansebehov i Sunnfjord kommune. Vi er i gang med plan for arbeidsgjevarpolitikk der analyse av bemanning og kompetansebehov, planar for å rekruttere og behalde arbeidskraft blir ein svært viktig del av planen. Vidare har vi nyleg starta opp arbeid med ein kompetanseplan for sektoren. Dei to planane må vi sjå i samanheng, for prioriterte mål i kompetanseplan må svare til behovet vi har for å rekruttere kompetanse.

Det er gode ordningar med tilretteleggingsmildar for vidareutdanning og masterutdanningar til barnehagelærar og leiarar i barnehagane, slik vi har omtala tidlegare i kapittelet. Det blir viktig at vi i kompetanseplanen ser på korleis vi i



Sunnfjord kan gjere oss god bruk av dei ordningane som finnast, og lagar ein plan for bruk av dei Regionale kompetansemidlane (30 prosent) vi får til kommunen. Dette er viktige midlar for å gje støtte til desentralisert grunnutdanning som barnehagelærar og støtte til å ta fagbrev, fagskule og barnehagefagleg grunnkompetanse.

# 8 Barnehagen i nærmiljøet

## 8.1 Barnehagen som samlingstad

I møte med foredrerepresentantar, tilsette og gjennom innspela som har kome inn, kjem det tydleg fram at barnehagen har ei viktig og sentral rolle i nærmiljøet.

Barnehagen er ikkje berre ein stad der barna er når forelda er på jobb, men det er også eit viktig sosialt samlingspunkt. Dette kjem fram i samtlege innspel. Barnehagen vert skildra som ein bidragsytar for samhald og aktivitet i lokalsamfunnet. Særleg i grendene vert dette sett på som viktig og dels avgjerande for å gjere ei bygd attraktiv.

Barnehagane vert nytta aktivt etter stengetid og i helgar. Uteleikeplassen til barnehagane er sentral for dei som bur i eit nærmiljø, og det å kunne møtast der er viktig. Viktig for barna sin tryggleik, men det er også ein verdifull arena for foreldre å bli kjende med kvarandre. Det å ha ein arena å samlast på er positivt for etablerte innbyggjarar, og ikkje minst for tilflyttarar.

For mange er barnehagen grunnen til at dei vel å busetje seg i eit område. Barnehage er ei viktig teneste for familien og gir tryggleik for barna. Barnehagen sitt omdømme og status er også med på å tiltrekke unge vaksne til kommunen, og kan bidra til vekst og utvikling.

Nokre barnehagar leiger ut rom til ulike arrangement. Noko som er eit viktig bidrag i nærmiljøet.

Oppsummert er barnehagen ein viktig og integrert del av eit lokalsamfunn. Ikke berre med tanke på det pedagogiske tilbodet, men også som ei drivkraft for samhald og aktivitet mellom innbyggjarane.



# S amla vurdering og vegen vidare

Nedgang i barnetalet utfordrar sektoren, noko som kan ha både positiv og negativ effekt. Med god kapasitet i barnehagane gjev det gode mogelegheiter for variert bruk av rom og god plass til å dele i mindre grupper. Samstundes er det ei utfordring at sokartala til dei ulike barnehagane varierer. Foreldra sine ynskje og prioritet av barnehage er styrande for opptaket. Dette gjer at barnehagar i pressområde som foreldre finn attraktive går med fulle grupper heile barnehageåret, medan barnehagar som har ledig kapasitet får endringar heile året. Begge deler gjev ei belastning på bemanninga om enn på ulike måtar, særleg i periodar med mykje sjukdom i lokalsamfunnet.

Vi har kommunale og private barnehagar i Sunnfjord kommune. Slik regelverket er i dag har vi berre mogelegheit å gjere endringar i kommunale barnehagar når behovet for barnehageplassar endrar seg. Ein privat barnehage som er godkjent kan fritt auke opp eller redusere tal plassar den tilbyr. Det er kommunen sitt ansvar å sikre barnehage plass til alle barn som har lovfesta rett til barnehage.

Både foreldre og tilsette er opptekne av at ein skal ha færre barn per tilsett, og at dette er avgjerande for kvaliteten og mogelegheita til å følge opp det enkelte barn. Når vi driv med ein struktur slik vi har i dag, må vi ha bemanning og kompetanse på mange stadar. Kvar barnehage skal ha ein stadleg styrar og det er klare krav til kor mange barn ein pedagog skal ha ansvar for, og kor mange tilsette som skal vere per barn over og under tre år. Ved dei siste utlysingane har vi ikkje klart å rekruttere til alle pedagogiske leiarstillingar, noko som utfordrar både kommunal og privat sektor. Utfordring med rekruttering gjer at vi i varierande grad klarar å ha rett kompetanse til alle stillingar og i alle barnehagar.

Kommunen driv barnehage i mange bygg. Dette er naturleg når fire kommunar er blitt ein, og vi har fleire mindre tettstadar fordelt ut i ein geografisk langstrakt kommune. Vi har lagt ned dei to distriktsbarnehagane Karstad og Vevring, og det ligg vedtak om å sjå på mogelegheit for samdrift av barnehage og skule på lengre sikt. I sentrum har vi også ein desentralisert struktur, med ti kommunale barnehagebygg om ein tek med Sunde og Slåttebakkane barnehage. Desse ligg innanfor ein radius på 8 kilometer, i tillegg er det 3 private barnehagar som foreldre i sentrum kan velge mellom. Dette må vi ha med oss vidare i framtidig arbeid i barnehagesektoren, og vere i tett dialog med tilsette i den framtidige omstillings- og innsparingsprosessen.

## Tiltak for kostnadsreduksjon

Barnehagesektoren i Sunnfjord kommune har vore dyr, og kravet til innsparing har vore høgt etter samanslåinga til ein kommune. Kvar barnehage har lite pengar til drift.

Vi driv barnehage i mange bygg, vi har nokre barnehagar som ikkje er kostnadseffektive og vi brukar mykje ressursar på kontinuerleg barnehageopptak. Redusert barnetal hjelpt oss ikkje i tilstrekkeleg grad til å få ein økonomisk berekraftig sektor. Vi vil ikkje klare å nå krava til innsparing og omstilling utan å gjere fleire grep.

Mindre grep ein kan gjere er å sjå på administrasjonsressursar, ferietilbod, opningstider og oppholdstid barna kan ha i barnehagen. Dette vil gje innsparing i bruk av vikarar og komprimere tida slik at ein i større del av dagen er alle tilsette når barnehagen har fulle barnegrupper. Dette kan vere førebyggande med tanke på arbeidspress for tilsette og kanskje føre til noko lågare sjukefråvær. Desse tiltaka vil gje eit dårlegare tilbod til småbarnsfamiliane og dei gjev liten økonomisk effekt.

Då står vi att med tiltak som struktur. Dette vil gje ein større økonomisk effekt, men er meir krevjande å gjennomføre. Vi kan måtte gjere andre endringar ut over det som ligg i Plan for framtidig bruk av barnehagen i Sunnfjord kommune, då denne tok høgde for middels folketalsvekst og kommunen i dag har låg folketalsvekst. Dette fører til at vi må ha sjå nærmare på kva grep som kan gjerast på kort sikt og korleis vi skal tilpasse ei strukturendring i eit lengre perspektiv. Vi må sjå på kva konsekvensar det får for barn, foreldre, tilsette, kvalitet og arbeidsforhold.

## Ny barnehagelov

Det er krevjande å berekne framtidige utgifter på barnehageområdet. Det har vore høyring for ny barnehagelov som foreslår fleire endringar i styring og finansiering av barnehagane. Forslag som ligg i framlegget kan vere med på å styrke mogelegheita for eit godt og likeverdig tilbod. Forslaget gav meir ansvar til kommunen og betre moglegheit til å vedta lokale forskifter om barnehageopptak, bemanning og krav til kompetanse. Vi veit ikkje på noverande tidspunkt kva forslag som vil bli gjeldande, og heller ikkje til kva tidspunkt endringar vil bli gjeldande.

## Vidare medverknad

Innspelsmøta og skriverammene frå tilsette og foreldre har vore med på å gje kunnskapsgrunnlaget ein ekstra dimensjon. I innspelsmøte har vi fått utveksla informasjon om barnehagen og kommuneadministrasjon har informert om den økonomiske og demografiske situasjonen Sunnfjord kommune er i. Det blir viktig med same grad av involvering i arbeidet framover slik i at vi i størst mogeleg grad klarar å ha ei felles forståing for ulike framlegg til tiltak som blir lagt fram. Det håpar vi byggjer tillit og sikrar at forslaga er best mogeleg opplyste. Då er det lågare risiko for at tiltak ikkje inneholder konsekvensar vi ikkje har kjennskap til.

## Barnet sitt beste

Barnet sitt beste er et rettsleg prinsipp som er forankra i FN's barnekonvensjon artikkel 3 og Grunnloven sin § 104. Som begge seier at barn sine interesser skal løftast fram og leggjast vekt på når ein skal ta avgjersle som påverkar barn. Vidare at barn har rett til å bli høyrt i spørsmål som gjeld seg sjølv, og sei si mening og så skal det tilleggas vekt ut frå alder og modning.

Grunnloven § 104 andre ledd:

*“Ved handlinger og avgjørelser som berører barn, skal barnets beste være grunnleggende hensyn”*

FN's konvensjon om barnets rettigheter av 20. November 1989 Del 1, Artikkel 3:

*«1. Ved alle handlinger som berører barn, enten de foretas av offentlige eller private velferdsorganisasjoner, domstoler, administrative myndigheter eller lovgivende organer, skal barnets beste være et grunnleggende hensyn.*

*2. Partene påtar seg å sikre barnet den beste beskyttelse og omsorg som er nødvendig for barnets trivsel, idet det tas hensyn til rettigheter og forpliktelsene til barnets foreldre, verge eller andre enkeltpersoner som har det juridiske ansvaret for ham eller henne, og skal treff alle egnede, lovgivningsmessige og administrative tiltak for dette formålet.*

*3. Partene skal sikre at de institusjoner og tjenester som har ansvar for barns omsorg eller beskyttelse, retter seg etter de standarder som er fastsatt av de kompetente myndigheter, særlig med hensyn til sikkerhet, helse, personalets antall og kvalifikasjoner samt kvalifisert tilsyn.».*

Omsynet til barnets beste må også ha med i det vidare arbeidet med Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen.

# Vedlegg

Vedleggnummer	Namn på dokument
Vedlegg 1	Barnehageportrett Bygstad barnehage
Vedlegg 2	Barnehageportrett Halbrend barnehage
Vedlegg 3	Barnehageportrett Hatlehaugen barnehage
Vedlegg 4	Barnehageportrett Holsen barnehage
Vedlegg 5	Barnehageportrett Langhaugane barnehage
Vedlegg 6	Barnehageportrett Lunden barnehage
Vedlegg 7	Barnehageportrett Nærleiken barnehage
Vedlegg 8	Barnehageportrett Skei barnehage
Vedlegg 9	Barnehageportrett Slåttebakkane barnehage
Vedlegg 10	Barnehageportrett Solsida barnehage avdeling Haugum
Vedlegg 11	Barnehageportrett Solsida barnehage avdeling Toene
Vedlegg 12	Barnehageportrett Sunde barnehage
Vedlegg 13	Barnehageportrett Tusenfryd barnehage
Vedlegg 14	Barnehageportrett Vie barnehage
Vedlegg 15	Barnehageportrett Vieåsen barnehage
Vedlegg 16	Barnehageportrett Viksdalen barnehage
Vedlegg 17	Barnehageportrett Ytre Hafstad barnehage
Vedlegg 18	Standard for barnehagebygg og uteområde og vurderinger av status i barnehagen i dag
Vedlegg 19	Framskrivning av folketalsutvikling
Vedlegg 20	Sunnfjord kommune – samanlikning med andre kommunar
Vedlegg 21	Resultat frå spørreundersøking foreldre